



# SETT OG VERDSETT

Trusopplæringsplan for Askvoll Sokn

*Saman vil vi gjere Kristus  
kjend, trudd, elska og etterfølgd.*

## Innhold

<b>1. Visjon og mål</b> .....	3
<b>2. Grunnlag, særpreg og sentrale dimensjoner</b> .....	3
<b>2.1 Grunnlag og særpreg</b> .....	3
<b>2.2 Utforming av ei systematisk trusopplæring</b> .....	4
<b>2.2.1 Samarbeid med heimen og familien</b> .....	5
<b>2.2.2 Medverknad frå barn og unge</b> .....	6
<b>2.2.3 Inkludering og tilrettelegging</b> .....	7
<b>2.2.4 Gudsteneste</b> .....	7
<b>2.2.5 Diakoni</b> .....	8
<b>2.2.6 Misjon</b> .....	9
<b>2.2.7 Musikk og kultur</b> .....	10
<b>2.2.8 Oppfølging av uløna medarbeidarar</b> .....	10
<b>2.2.9 Samarbeid med barne-og ungdomsorganisasjonar og andre lag og organisasjonar</b> .....	11
<b>2.2.10 Tverrfagleg samarbeid</b> .....	11
<b>2.2.11 Kommunikasjonsarbeid</b> .....	12
<b>3. Breiddetiltak</b> .....	13
<b>3.1 Dåpssamtale/Dåp</b> .....	13
<b>3.2 Babysong</b> .....	15
<b>3.3 Krøllesamling</b> .....	17
<b>3.4 Kirkerotteteater</b> .....	18
<b>3.5 Undringstime</b> .....	19
<b>3.6 Sprell levande hausttakkefest, med utdelingar</b> .....	21
<b>3.7 Dåpssamtale større barn / ungdom</b> .....	22
<b>3.8 Engleverkstad og lysmesse</b> .....	24
<b>3.9 Tårnagentdag med Tårnagentgudsteneste</b> .....	25
<b>3.10 Kor-prosjekt med song og drama</b> .....	26
<b>3.11 Påskefest for alle, med påskevandring</b> .....	28
<b>3.12 Utdeling av Bibel</b> .....	29
<b>3.13 Lys Vaken</b> .....	30
<b>Tiltaksplan og handlingsplan for tida 13-18 år</b> .....	32
På veg mot konfirmasjon og tida etter.....	32
<b>3.14 Middag og misjon</b> .....	32
<b>3.15 Velkomen heim! Innskrivingsgudsteneste</b> .....	33
<b>3.16 Konfirmasjonsopplæring</b> .....	34
<b>3.17 Etter konfirmasjon : Z – ei flott oppleving etter konfirmasjonstida</b> .....	37

3.18 Konfirmant- reunioun 1 .....	38
3.19 Konfirmant-reunion 2 .....	39
3.20 Eldre ungdom .....	40
4. Vedlegg .....	41
4.1 Oversikt over bibeltekstar i trusopplæringa .....	41
4.2 Oversikt over tiltak gjennom året .....	42
.....	42
4.3 Årshjul- generell gudstenesteplan og trusopplæringstiltak .....	43
.....	43
.....	44
.....	45
4.4 Oversikt over tiltak som har utdeling av materiell .....	47
4.5 Barnehage- skule-kyrkjesamarbeid .....	48

## 1. Visjon og mål

Visjon: Saman vil vi gjere Kristus kjend, trudd, elska og etterfølgd!

Mål:

- Vi ynskjer at barn og unge, gjennom å dele tru og undring, skal lære å kjenne den treeinige Gud og vekse i trua på Han.
- At barn og unge kjenner seg heime i kyrkjelyden, erfarer eit raust og godt fellesskap der, og vert rettleia til etisk refleksjon og diakonal handling.
- Vi ynskjer å bidra til at foreldre og fadrar ser seg sjølve som viktige medarbeidarar i trusopplæringa, og difor vil vi søke å leggje til rette for eit godt samarbeid med dei.

## 2. Grunnlag, særpreg og sentrale dimensjonar

### 2.1 Grunnlag og særpreg

Askvoll sokn ligg ytst på nordsida av Dalsfjorden med Fjaler i sør, Sunnfjord i aust, Kinn i nord og Nordsjøen i vest. Soknet har om lag 3000 innbyggjarar. Askvoll har tradisjonelle næringsvegar som jordbruk og fiske. Av industri er det mellom anna ein tradisjonsrik knivfabrikk i Holmedal, bergsikringsbedrift med base i Stongfjorden og fiskeindustri i Bulandet. Elles er mange sysselsette i servicenæringar.

I Askvoll kommune er det 5 skular:

- Gjelsvik skule, i Kvammen, er ein 1-10 skule med om lag 50 elevar. Skulen har lik avstand både til fylkessenteret Førde og til kommunesenteret Askvoll; om lag 30 km, og er samlokalisert med Gjelsvik barnehage.
- Holmedal Montessori-skule ligg i Holmedal og er ein 1-7 skule med om lag 40 elevar . Dette er ein privat skule basert på Maria Montessori sin pedagogikk. Skulen starta i 2005, etter at den offentlege skulen i bygda vart lagt ned. I Holmedal er det også barnehage, Holmedal barnehage.
- Askvoll skule er ein 1-10 skule med omlag 186 elevar. Skulen ligg i Askvoll sentrum. I Askvoll er det ein barnehage, Røverompa, med 5 avdelingar.
- Atløy skule er ein 1-7 skule med omlag 40 elevar. Skulen er samlokalisert med Nipa barnehage.
- Bulandet skule er ein 1-10 skule med om lag 50 elevar. Elevane som soknar til skulen kjem frå dei omtrent like store bygdene Værlandet og Bulandet. Skulen er samlokalisert med Bulandet barnehage.

I tillegg har Askvoll kommune kulturskule, som har undervisning i alle dei nemnte bygdene i kommunen.

Det går ferje mellom fastlandet og øyane Atløy og Værlandet, med bruforbindelse vidare til Bulandet lengst vest.

Askvoll sokn er prega av spreidd busetnad og lange reiseavstandar. I Soknet er det til saman 7 kyrkjer og kapell som er vigsla til kyrkjeleg bruk: Askvoll kyrkje, Holmedal kyrkje, Vilnes kyrkje, Kvammen kapell, Bulandet Bedehuskapell, Værlandet bedehuskapell og Stongfjorden bedehuskapell. Av desse er 5 faste preikestader.

Det er bedehus i Holmedal, på Olset, på Atløy og i Bulandet.

Kvammen kapell er ei arbeidskyrkje og vert òg nytta som forsamlingslokale for klubbar og foreiningar.

Indremisjonen er aktiv fleire stader i soknet og driv Ving på Bulandet, Yngres i Holmedal og ungdomsklubb i Holmedal. Ungdomsklubben, Jonasklubben, i Kvammen er tilslutta KFUK-KFUM. I Værlandet er det familiekor som vert drive av kyrkjelyden lokalt, og i Bulandet er det barnekor.

Det er søndagsskule i Askvoll (Laurdagssklubben). Søndagsskulen i Kvammen er for tida ikkje aktiv.

Folkekyrkja står sterkt i heile soknet - i samarbeid med dei nemnte organisasjonane.

## **2.2 Utforming av ei systematisk trusopplæring**

I Askvoll sokn er det tilsett ein kyrkjelydspedagog i 80% stilling fram til 1.september (50 % fast, 30 % engasjement). Etter 1.september 2021, vert 50% fast stillingsdel vidareført.

Året (1.september 2020- 1.september 2021) er ein prosjektperiode med særleg fokus på revisjon av trusopplæringsplan og arbeid med å rekruttere og følge opp fleire frivillige. I februar 2021 skulle vi hatt ein inspirasjonssamling for frivillige, med besøk frå bispedømmekontoret. Denne måtte utsettast pga korona-situsjonen. Slike samlingar er viktige. Dei kan inspirere frivillige og tilsette til vidare arbeid, samt motivere til å få med fleire medarbeidarar, slik at tiltak på trusopplæringsplanen kan bli sette i verk. Inspirasjonssamlingar og liknande er viktig grunnlagsarbeid, og må arbeidast systematisk med vidare. Det er eit mål å ha årlege inspirasjonssamlingar med fokus på trusopplæring.

Kyrkjelydspedagogen har ansvar for å utføre arbeidet sitt i samarbeid med staben på kyrjekontoret, frivillige medarbeidarar og trusopplæringsutvalet (TOL-utvalet) i soknet. Dette utvalet har ei viktig rolle i evaluering og vidareutvikling av denne lokale trusopplæringsplanen. Vidare vil TOL-utvalet sjå til at tiltak i planen vert realisert, samt vere ei viktig ressursgruppe for kyrkjelydspedagogen. Det er utarbeidd eit eige mandat for TOL-utvalet, og valperioden for utvalet følgjer soknerådsperioden.

Det er over 500 kyrkjemedlemer i aldersgruppa 0-18 i soknet. Vi samarbeider med organisasjonane og kyrkjelydsutvala som held til der vi har trusopplæringstiltak.

I tillegg har vi eit barnehage/ skule-kyrkje-samarbeid og ynskjer i nær framtid å få eit samarbeid med kulturskulen, Barnas turlag, idrettslag og andre som arbeider til beste for barn og unge.

Vi vil også samarbeide med Fjaler sokn (nabokommunen), særleg i konfirmantarbeidet og andre ungdomstiltak. Slikt samarbeid er alt etablert, og kan utviklast vidare.

### **2.2.1 Samarbeid med heimen og familien**

Den viktigaste trusopplæringa skjer i heimen, men foreldre og fadrar skal ha god oppfølging og drahjelp av kyrkja. Trusopplæring er ei felles oppgåve, slik er - eller blir - alle foreldre/fadrar viktige og gode trusopplærarar. Foreldre som ynskjer at barnet deira skal døypast, må få god informasjon om at dette er starten på eit "trusopplærings-løp" fram til barnet er 18 år og at vi tilbyr hjelp med dette.

I dåpssamtalen vert foreldra oppmoda om å vere aktive i barn og unge si trusopplæring gjennom bord- og kveldsbøn, syngje salmar og songar, samt å lese bibelforteljingar.

Det vert delt ut ei fadderhelsing til fadrane, med informasjon om oppgåva til fadrane og korleis dei kan halde kontakt med dåpsbarnet.

I dåpssamtalen får barnet eit innramma bilete som inkluderer teksten på ei kveldsbøn, der det på baksida er skriven ned dato for dåpsdagen og namnet på fadrane. Etter dåpen får barnet dåpslys og stake, samt brodert dåpsklut. Vi ynskjer også at dåpsbarnet får ei dåps-due med namn og dåpsdato, som skal henge i kyrkja til barnet er eitt år.

Foreldra vert informert om- og oppfordra til å følgje barna sine til dei ulike trusopplæringstiltaka i kyrkja.

Vi ynskjer å inkludere foreldre og fadrar så tidleg som råd i trusopplæringsarbeidet, slik at dei kan sjå seg sjølv som viktige medarbeidarar. Alt i dåpsgudstenesta kan sysken, foreldre og fadrar få høve til å vera medliturgar; anten som tekstlesarar, be bønner, tenne lys osv.

Ei viktig oppgåve som kyrkja og kyrkjelyden har, er å gjera foreldre trygge på at dei KAN! Babysong er td. ein viktig arena der ein kan lære fine songar, bønner og bordbønner og oppfordre foreldra om å bruka desse heime, saman med borna.

Det same er viktig i bokutdelings-gudstenestene (for 2, 4, 6-og 11 åringar) og i konfirmanttida. Vi må bruke tid på å minne foreldre om å skapa fellesskap rundt bøn, song, bibelforteljingar og «den gode samtalen» i heimen.

Foreldre er viktig som ei eiga målgruppe i trusopplæringa. Dei treng å verta inkludert i tiltak, følgt opp og gitt tips og råd. Dette kan td. gjerast ved utdeling av materiell til foreldre v/bokutdeling til barna. Det er viktig å informere foreldre og fadrar om gode nettsider der

dei kan finne bøker /CDar og anna. Ein kan også slå eit slag for Dåpsklubben TRIPP TRAPP frå IKO, som faddergåve.

I invitasjonar til tiltak vert foreldre/fadrear/ og familie òg inviterte til å ta del. Vi kan oppmode fadrear om å delta som medhjelparar på ulike tiltak. Dersom vi skal ta på alvor at det er foreldra som til sjuande og sist avgjer om barnet skal delta i trusopplæringstilbodet i kyrkjelyden, må vi vende oss til foreldra, samstundes som invitasjonar også må appellere til barna. Vi må i større grad enn no, leggje opp til at foreldre får komme til orde i evalueringar av tiltak. Dette er svært nyttig for oss i det vidare arbeidet.

I aldersfasen 13-18 år vert involvering av foreldre gjennom invitasjon og påmelding gjerne mindre aktuelt. Les meir om dette på side 32.

### **2.2.2 Medverknad frå barn og unge**

Det er viktig å gje barn og unge ei kjensle av å høyre til i gudstenestefeiringa - som aktive deltakarar og gjennom medverknad. Døme på dette er å vere medliturgar i gudstenesta, lage og gjennomføre ei bønnevandring, lage gudstenester (gjennom gudstenesteverkstad), der barn og unge også pregar heile gjennomføringa.

I 4- og 6-årgudstenesta er barna med på songar og bønner med rørsler, og vert forsøkt aktivert til medverknad gjennom dialogpreike. Etter alder og modnad aukar deltakinga frå barna for kvart trusopplæringstiltak gjennom rørslesong, rørslebøn, drama og liturgi.

Vi erfarer at dette er oppgåver som både barn og unge meistrar godt, men det fordrar god planlegging og tilrettelegging frå oss vaksne, gjennom konkrete oppgåver og god tid. Dette trur vi legg eit godt grunnlag for at barna skal kjenne seg trygge i kyrkja og gje dei ei kjensle av at det er deira gudsteneste. Vi må altså utfordre barn og unge på oppgåver som er tilpassa dei. Då må vi vaksne òg tole at dei ynskjer å ha ei meining om korleis ting skal gjerast.

Både i kyrkje-skule-barnehage-samarbeidet og i trusopplæringa for eldre barn og i konfirmasjonsåret, har vi medliturgteneste - der dei unge deltek med lesing, prosesjonsmedverknad, lystenning, lysbering, offer- og nattverd hjelp m.m.

Barn og unge skal påverke korleis trusopplæringa i kyrkjelyden er, gjennom deltakar-evalueringar på fleire av tiltaka dei er med på, og desse skal lagt vekt på når ein gjennomfører liknande tiltak seinare.

I trusopplæringa for ungdom må vi informere og undervise om korleis demokratiet og leiinga av kyrkja fungerer. Ungdomar må utfordrast/oppfordrast til å bruka si stemme under kyrkjeval, men også til å sitje i råd og utval i kyrkja – vi treng at dei er med og pregar prosessar og utvikling av arbeidet i kyrkja.

### **2.2.3 Inkludering og tilrettelegging**

Vi arbeider for universell utforming av samlingane våre. Dette betyr til dømes at bygningar vi er i, omgjevnader, og produkt vert utforma slik at dei kan brukast av alle på ein likestilt måte. Alle skal kunne bruke samme løysing og oppleve seg som likeverdige. I ei universelt utforma løysning er det hovedløysinga som skal vere brukbar for alle.

Universell utforming kan også gje oss verdifulle impulsar til korleis vi kan drive undervisning og forkynning. Det dreier seg om å sjå at menneske er forskjellige og derfor lærer forskjellig. Dersom vi i større grad tenkjer mangfold i formidlinga lettar vi tilgangen for store grupper av barn og unge.

Alt i alt betyr dette at kyrkjelyden må vere open for alle som kjem til kyrkje, og på ulike måtar leggje til rette for at alle skal kjenne seg heime der. Det er likevel viktig å oppmode foreldre eller dei unge sjølv, til å uttrykke behov for tilrettelegging. Dette kan handle om lesevanskar, sosial angst, mobbing, spiseforstyrningar, fysiske funksjonshemmingar, utviklingshemming m.m.

For å inkludere barn og unge til trusopplæringstiltak er det nødvendig med god planlegging og føreseielege rammer for tiltaket. Invitasjonar vi sender ut må gi signal om at terskelen for å delta er låg, slik at alle kan meistre det dei vert invitert til. Dette kan i nokon tilfelle bety at ein må gi individuell informasjon til deltakarar, slik at dei kan vurdere påmelding ut frå sin situasjon. Det må alltid vere mogeleg for den enkelte/ foreldra å ta kontakt med dei ansvarlege i tiltaket, for å få meir informasjon -og gi informasjon. Allereie i planleggingsfasen må det vere bevisstheit om at ulike tiltak skal vere tilpassa individuelt. Vi er alle *eitt* fellesskap, der alle har sin naturlege plass.

I arbeidet med inkludering og tilrettelegging vil Askvoll sokn sjå etter mogelegheiter til samarbeid med offentlege etatar og andre eksterne instansar (Helsesjukepleiar, PPT, flyktingeteneste, barnevern o.a.) Også i eit slikt samarbeid må Askvoll sokn etterstreve høg fagleg standard og truverde, til beste for den som skal nyte godt av samarbeidet.

### **2.2.4 Gudsteneste**

Mange tiltak inkluderer gudsteneste, som er hovudsamlinga vår. Det vil gå fram av planen vår at vi jobbar mykje med å skape tryggleik i samlingar før barn og unge kjem til gudstenesta, og møter resten av kyrkjelyden. Dei må få tid til undring og arbeid med tema, og verte fortrulege med dei oppgåvene vi ynskjer at dei skal ta del i. Dette betyr at dei må få tid til å øve godt på det dei skal gjere, slik at t.d. 4-åringen kan ta del i songar, bønner og prosesjon, eller konfirmanten kan vere med i eit dramastykke, og oppleve at det gir meining og meistring.

Oppgåvene må fordelast godt og tilpassast den enkelte. Barn og unge kan vere med som medliturgar under dei fleste ledda i gudstenesta, og som kyrkjevertar før gudstenesta startar. Vi ynskjer at barn og unge skal vere synlege i gudstenestene og erfare at dei har sin naturlege plass i kyrkjelyden. Vi vil arbeide med å finne sentrale, gjenkjennande element



som går igjen i gudstenestene våre. Dette kan t.d. vere femteiknsbøn, hermebøner, lystening, dåpspåminning og bønnevandring. Då vert gudstenesta forutsigbar og trygg.

Det er viktig at barn og unge som kjem til gudsteneste vert sett og ynskt velkomen på lik linje med dei vaksne, også i gudstenester og samlingar der dei ikkje er særskild invitert. Det kan konkretiserast ved at barna vert ynskt velkommen, og blir tildelt teiknesaker og teiknebrett når dei kjem. Også ordinære høgmesseer bør innehalda element som er særleg retta mot barn, til dømes ei kort barnepreik.

### **2.2.5 Diakoni**

Vi ynskjer at den diakonale dimensjonen skal vere integrert i alle tiltak - at mennesket er skapt for å hjelpe - og vere til for andre. Det doble kjærleiksbodet skal framhevast.

Forståinga av diakoni må først og fremst vere i bevisstheita hjå dei tilsette, slik at ei diakonal *haldning* kan gjenspegle seg i diakonal *handling*. Diakoniforståinga kan innarbeidast i praksis ved den måten tiltaka vert tilrettelagt, men ikkje minst i forkynninga og i opplæringa. Barn og unge må få høyre og lære om kva diakoni er gjennom bibelforteljingane (som etikk, moral) og dei kan utfordrast til å handle diakonalt. Til dømes ta del i lokal/global teneste, ha/skapa engasjement for omsorg, solidaritet, global rettferd og vern om skaparverket.

Dette må skje på ein måte som skapar engasjement og nysgjerrigheit. Det kan til dømes leggjast til rette for etablering av gruppe/klubb/foreining/samling som kan innleie til samarbeid med andre instansar og lokale organisasjonar. Barnegruppene kan t.d samle inn boss, vitje eldre eller ha kontakt med ei gruppe barn/unge i eit anna land.

Det å handle diakonalt vert vektlagt sterkare i dei seinare alderstiltaka i trusopplæringa. Vi vil td. ha fokus på misjonsaspektet gjennom NMS sitt arbeid for andre menneske. I konfirmasjonstida vil vi ha eit særleg fokus på etisk refleksjon og diakonal handling.

Gjennom trusopplæringsarbeidet møter kyrkja mange ulike menneske, som på forskjellig vis vil oppleve at livet ikkje berre er enkelt. Kyrkjelyden sitt arbeida må vere prega av medvit om dette, og vere på tilbodssida viss det viser seg at nokon slit med ulike ting i livet. Dei som er samla til tiltak eller gudsteneste må bli møtt akkurat slik dei er. Kyrkja kan medverke til hjelp for dei som har det vanskeleg ved å aktualisere forskjellig tematikk på generelt grunnlag.

For at dei som kjem på ulike tiltak i kyrkja skal kunne oppleve at dei blir sett og inkludert i fellesskapet, er det viktig korleis vi møter kvarandre. At alle kjenner seg velkomne til samlingar/gudsteneste, og at dei skal få kome akkurat slik dei er. Alle må få kjensla av at dei er rekna med i kyrkja. Viss dei ynskjer å gjere oppgåver/ha teneste, må dei få vere med å utforme dette ut frå sine ressursar/evner/personlegdom. Det er viktig at alle kan få setje sitt preg på fellesskapet.

Den diakonale dimensjonen i trusopplæringa skal bidra til at barn og unge møter kvarandre med respekt, omsorg og kjærleik i kvardagen. I tillegg vil vi formidle at det er stort behov for å hjelpe andre menneske, både i nærmiljøet, regionalt, nasjonalt og globalt.

Kyrkja må vere open for ei anerkjenning av det verkelege livet og slik kan kyrkja vere med å bryte ned tabu i høve vald, rus, psykisk sjukdom, overgrep, vanskeleg barneoppdragelse, ekteskapsproblematikk osb.

### **2.2.6 Misjon**

Misjon heime og over landegrensene er ei vesentleg side ved å vere kyrkje, og barn og unge i dag treng å lære meir om dette viktige arbeidet gjennom undervisning og forkynning spesielt retta mot dei. Det kan etablerast arbeidsgrupper som barna/dei unge sjølv er med å utformar, og dei vaksne kan hjelpe til med å opprette samarbeid med allereie eksisterande misjonsforeiningar eller kyrkjelydar i andre land. Misjonsarbeidet bør vere så konkret som mogleg slik at dei får sjå arbeidet i praksis.

I Askvoll sokn har vi misjonsavtale med Norsk misjonsselskap (NMS) i Thailand. Som tidlegare nemnt bør eit sterkare engasjement for barna og dei unge kunne vekse fram etter undervisning/ forkynning/presentasjon. Å oppretta kontakt med andre barn/unge i eit kjent og konkret arbeid kan vere det som best gir motivasjon og skaper engasjement for misjonsarbeidet. Når ein vert kjend med kvarandre som vener, er det lettare å oppretthalde kontakten, og ved å besøke kvarandre sine kyrkjelydar kan engasjementet verte styrka.

Samarbeid mellom ulike kyrkjesamfunn lokalt og globalt forutset dialog og vilje til å møtast. Møtepunktta kan etablerast viss ein tek initiativ til å skape ein møteplass der vi ynskje å bli kjende med kvarandre. Det er menneske frå systerkyrkjer i andre land i våre kyrkjelydar og i våre lokalsamfunn, som på ulikt vis kan gje oss impulsar i det lokale arbeidet med tanke på misjon. Dei vil kunne vere ein viktig ressurs i eit samarbeid der målet er knytt til auka merksemd på misjon, solidaritet, kulturutveksling, integrering og brubyggingsarbeid.

I trusopplæringa er det viktig at forkynninga/undervisninga/praksisen vert prega av at vi sjølv har fått alt frå Gud og at vi har tatt imot dette som ei gåve. Gåva er verdifull, men så stor at vi kan vere med å dele den vidare. Å ta imot gåva, i ein eller annan form, handlar om å vise respekt for givaren, det er og eit poeng som kan understrekast i trusopplæringsarbeidet. Barna/dei unge som kjem til kyrkje må få kjensla av at kyrkja har ei skatt som er så verdifull at den skal delast mellom mange og at dei skal få ta imot! Om arbeidet vårt skal vere prega av at det å dele er å ta imot, då må vi tydeleg og frimodig halde fram at det vi vil gi er verdt å ta imot!

### **2.2.7 Musikk og kultur**

Song og musikk er viktig i tiltaka og i gudstenestene våre. I så og seie alle samlingar syng vi saman. I tillegg gir vi rom for dans og lek. Ein lærer ofte betre gjennom å bruke song, musikk og rørsle. Vi må likevel vere klar over at det for enkelte kan vere utrygt og utfordrande å synge og danse. Det er heller ikkje alle som likar dette. Då må vi gje dei aksept på at det er greitt å la vere, eller vente til dei kjenner seg trygge nok.

Andre kunstuttrykk kan vere å leite etter symbol i kyrkjene våre, og studerer kyrkjekunsten . Orgelet blir også løfta fram som hovudinstrumentet i kyrkja, og som barn kan få prøve å spele på. Barn og unge må lære at musikken i kyrkja er viktig når vi samlast, og at den kan uttrykkje alt frå fest og glede til sorg.

Vi må gje barn og unge rom til å skape. I nokre tiltak legg vi difor vekt på barns eigen kulturskaping gjennom å forme, teikne, og male.

Det å ha fleire samlingar i kyrkjene våre er også kulturformidling - at vi samlast i rom der generasjonar før oss har høyrte akkurat dei same orda, sunge dei same songane og praktisert si kristne tru der, saman med andre.

### **2.2.8 Oppfølging av uløna medarbeidarar**

Det er flott at frivillige medarbeidarar brukar si fritid i trusopplæringa, og vi trur at dei opplever det meiningsfullt. Vi legg vinn på å respektere tida deira. Møter skal vere presise og strukturerte, innanfor oppsett tid. Dei må bli forespegla ei ramme rundt det dei vert spurde om; Kva tiltak det er, kor mange samlingar, og i kva tidsrom vi tenkjer at dei skal vere med i tiltaket- t.d. i 1 år, eller ein gong pr. år.

Korleis frivillige medarbeidarar vert involvert i trusopplæringsarbeidet, avhenger av kva type tiltak det er snakk om. I nokre høve vert dei frivillige involvert på eigne samlingar der dei er med i drøftinga av utforminga av tiltaket. Ved andre høve møter dei ei stund før tiltaket og får informasjon i forkant. I gjennomføringa har dei frivillige høve til å setje sitt eige preg på korleis dei vil gjere oppgåva.

Vi ser at det kan vere hensiktsmessig å jobbe mot ein fast "stab" på ulike tiltak. Då veit dei frivillige medarbeidarane at det er *dette* tiltaket vi ynskjer at dei er med i, innanfor eit visst tidsrom.

Vi vil følgje dei opp og lytte til deira erfaringar, gjennom evaluering av tiltak. Vi må formidle kor viktige dei er for barn og unge i trusopplæringa.

Barn og unge må spørjast og vere rekna med i det frivillige arbeidet. Ved å førebu dei og tilretteleggje der det er nødvendig, kan barn og unge bidra med teneste på eigne premissar.

Det vil i næraste framtid bli utarbeida eit medarbeidarprogram for rekruttering, opplæring og oppfølging av frivillige, der punkta ovanfor vert sett i system.

### **2.2.9 Samarbeid med barne-og ungdomsorganisasjonar og andre lag og organsisasjonar**

Som nemnt tidlegare er trusopplæringa ein viktig del av det kyrkjelydsbyggjande arbeidet i sokna våre. Difor ynskjer vi å knytte trusopplæringa tettare saman med det kontinuerlege arbeidet drive av barne- og ungdomsorganisasjonar, slik at barna blir kjende med - og får eit forhold til tilbod som skjer hyppigare enn dei aldersbestemte breiddetiltaka. Det er difor viktig å informere om arbeidet i laurdagsklubben og andre lag, klubbar og kor, samt invitere desse til gudstenestene våre, eller til å delta på aldersbestemte tiltak.

Vi kan vidare leggje opp til eit samarbeid med helsestasjon, barnevern og flyktningtenesta, som går ut på at kyrkjelydspedagog er i kontakt med desse etatane/instansane og informerer om tilbod vi gir til barn og unge, som dei kan vidareformidle til sine aktuelle brukarar.

Kyrkjelyden kan opprette samarbeid med ulike frivillige organisasjonar i Askvoll som deler det same verdigrunnlaget som kyrkja. Det kan vere stor spennvidde i samarbeidsorganisasjonar, avhengig av kva tiltak det dreier seg om. Dette kan vere Barnas turlag, idrettslag, kulturskulen m.fl.

### **2.2.10 Tverrfagleg samarbeid**

Trusopplæring er noko vi gjer saman og der alle dei ulike fagpersonane i staben er viktige. I Askvoll er dette innarbeidd, det er ei positiv haldning til trusopplæringsarbeidet!

For tiltak som krev samarbeid kallar kyrkjelydspedagogen inn til planleggingsmøter med andre tilsette. Dette skal skje i god tid før tiltaket startar.

I planlegginga legg vi vinn på å avgrense ansvaret, slik at alle veit kva som er deira oppgåve. Det er viktige at vi ikkje berre går i "gamle" spor og gjer det same som i fjor, men stoppar opp og diskuterer om vi skal gjere ting på andre måtar. Vi legg vinn på å evaluere tiltak i etterkant, og på den måten deler vi erfaringar- noko som bind oss tettare saman som kollegaer.

Vi kan leggje til rette for godt samspel, mellom kompetansen hjå tilsette og kompetansen hjå frivillige, ved å kartlegge behov og kva kompetanse våre frivillige har. Ei slik kartlegging kjem inn under arbeidet med å utarbeide eit medarbeidarprogram i høve til frivillige i eininga vår.

Det blir også eit betre samarbeid mellom tilsette og frivillige om ein planlegg i god tid og involverer frivillige tidleg i prosessen fram mot eit tiltak.

### **2.2.11 Kommunikasjonsarbeid**

I Askvoll sokn sender vi ut invitasjonar til aldersbestemte tiltak pr.post. Vi følgjer alltid opp desse tiltaka på facebook-sidene og nettsida vår, før tiltaket skal finne stad.

Vi må vera aktive og aktuelle på dei kanalane som barn og unge (og foreldre) er, gjennom kyrkja si nettside og facebooksider. Vi må også løfte arbeidet vårt fram i andre media. Bilete seier meir enn tusen ord, og kan få fram budskapet om kva trusopplæring er på ein heilt ny måte. Difor vil det vera viktig at ein tek gode bilete som ein kan nytte offentleg, sjølvstilt med samtykke til å bruke bilete av barn frå foreldra/barna sjølve. Ein viktig kanal her er Kyrkjebladet. I tillegg til bilete frå ulike tiltak i trusopplæringa, må det i kvart nummer vere annonse der vi inviterer til dåp.

Kommunikasjon skal vera ei prioritert oppgåve i trusopplæringa. I trusopplæringsarbeidet må det alltid vere tydeleg kven foreldre kan vende seg til i dei ulike tiltaka. Dette er med på å skapa tryggleik og gjenkjenning. God kommunikasjon skapar tillit, og må jobbast med kontinuerleg.

### 3. Breiddetiltak

#### 3.1 Dåpssamtale/Dåp

Alder: 0 år (2 samvær, til saman 2 eller 3 timar for 1.gongsforeldre)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Foreldre får eit godt møte med kyrkja, og er kjende med kyrkjerommet, liturgien og dåpshandlinga.</li><li>• Foreldre er informert om trusopplæringa i soknet og om at trusopplæring er eit felles ansvar for foreldre, faddrar og kyrkjelyd.</li><li>• Foreldre er informert om kva dåpen inneber og har fått høve til å komme med sine spørsmål.</li></ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolkning og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Oppløve meistring allereie frå fyrste møte med kyrkja som foreldre.</li><li>• Gjere foreldra merksame på deira ansvar for barnet si kristne oppseding, og gje dei reiskapar til trusopplæring i heimen.</li><li>• Gjere foreldra trygge på at dette er eit ansvar dei klarar, og gjere dei trygge på praktiseringa. Fokus kan vere på dei fyrste leveåra.</li><li>• Gje foreldra tru på eiga evne til å vere førebilete i kristen oppseding.</li><li>• Undring, glede og takk i møte med livet og det skapte.</li><li>• Reflektere saman over dåp og lovnader: Kva det vil seie å vere døypt, kva ansvar ein har når ein ber eit barn til dåpen.</li></ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Dåpen- Gud sitt store «Velkommen»</li><li>• Bibeltekstar:<ul style="list-style-type: none"><li>- Matt 28, 16-20. ( Dåpsbodet/Misjonsbodet)</li><li>- Mark 10, 13-16. ( Jesus og borna)</li></ul></li><li>• Dåpsliturgien, truedkjening og bøn.</li></ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Be for barnet og be saman med barnet.</li><li>• Tenne lys.</li><li>• Velsigning.</li><li>• Syngje songar.</li><li>• Delta i liturgi og salmar.</li><li>• Delta i dåpshandlinga.</li><li>• Feire gudsteneste.</li><li>• Henge opp dåpsdue med barnet sitt namn i kyrkja, under dåpsgudstenesta.</li></ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tiltaket skjer til vanleg i løpet av dei siste to vekene før dåpen, som individuell eller gruppesamtale.</li><li>• Innhaldet i samtalen varierer etter situasjonen, men søker å ta opp i seg dei elementa som er nemnt ovanfor.</li><li>• Fadderhelsingar, kort med helsing om dåpskluten og kveldsbøn-bilde vert delt ut på samtalen. Lys, stake og dåpsklut vert delt ut på dåpsdagen.</li><li>• Forrettande prest leier samlinga.</li></ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kyrkjeseekretær og prest inviterer til samling i kontakt med den enskilde familie. Det skal finnast informasjon om dåp og dåpssamtalen på askvoll.kyrkja.no, i tilknytning til «Påmelding til dåp».</li> <li>• Invitasjon til dåp: Fast annonse i kyrkjebladet. Henge opp plakatar i kyrkjene, på helsestasjon, butikkar og andre aktuelle stader. Vi må også invitere/informere via heimesida (Trusopplæringssida) og Facebook (Kyrkja i Askvoll).</li> <li>• Tiltaket kan skje i samband med dei fleste gudstenester.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>	Sokneprest og/eller forrettande prest har ansvaret. Kyrkjelydssekretær legg til rette for tiltaket. Kyrkjelydspedagog har ansvar for å vurdere materiellet som vert delt ut, og syte for oppdatering til nytt materiell når det er påkrevd.
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket gjeld alle kyrkjekrinsane i soknet.</li> <li>• Dåpsfølgjet og konfirmantar er involvert som frivillige/medliturgar.</li> <li>• Tiltaket høyrer heime i hovudgudsteneasta, då heile kyrkjelyden høyrer med når ein feirer dåp.</li> <li>• Pga.at vi ikkje lenger får melding om nyfødde, kan vi ikkje sende ut invitasjon til foreldre. Difor må informasjon/invitasjon «ut på bygda» (plakatar på ulike stader) og på trykte og digitale kontakflater som kyrkjeblad, heimeside/facebook.</li> <li>• Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> </ul>
<b>Materiell til utdeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fadderhelsingar</li> <li>• Kort med helsing om dåpsklut</li> <li>• Kveldsbøn-bilde</li> <li>• Dåpslys</li> <li>• Lysestake</li> <li>• Dåpsklut</li> <li>• Dåpsdue</li> </ul>

### 3.2 Babysong

Alder: 0-1 år (8 samvær, til saman 16 timar pr.semester)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplive tryggleik og glede gjennom song, leik og fellesskap med andre, og gjennom det songane fortel om Gud.</li> <li>• Borna får stimulert sansane sine gjennom song, musikk og rytme.</li> <li>• Foreldre lærer songar og bønner som også kan nyttast heime.</li> <li>• Bidra til at både små og store deltakarar kan kjenne tilhøyring til fellesskapet knytt til kyrkja.</li> </ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolkning og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje foreldre tryggleik og reiskapar til å praktisere trusopplæring i heimen .</li> <li>• Gje konkrete tips om korleis ein kan følgje opp dåpsløfte .</li> <li>• Trygg start i møte med kyrkja og å vere ein del av kyrkjelyden.</li> <li>• Opplive meistring i samspelet mellom barn og foreldre.</li> <li>• Undring, glede og takk i møte med livet og det skapte gjennom song, musikk og leik.</li> <li>• Å leva som skapt i Guds verd.</li> <li>• Gje ein moglegheit til å engasjere seg.</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korte utdrag frå dåpsliturgien</li> <li>• Dåpslysestake, dåpslys</li> <li>• Songar og salmar som handlar om: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Gud som skapar; 1. mos. 1-2 og første trusartikkel</li> <li>○ Det doble kjærleiksbodet; Matt.22, 37-40</li> <li>○ Guds omsorg for barnet; Salme 139, Joh 8, 12</li> </ul> </li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å syngje saman</li> <li>• Kveldsbønner og velsigningar.</li> <li>• Bøn for og med barnet.</li> <li>• Lystenning, stille og bøn.</li> <li>• Vise omsorg for kvarandre.</li> <li>• Samlast i kyrkja til jul og påske/pinse.</li> <li>• Bordbøn. Dele måltid.</li> <li>• Feire gudsteneste saman med kyrkjelyden.</li> <li>• Å gle andre med besøk og song.</li> </ul>



<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Babysong-samlingane er sett opp i bolkar på 8 samlingar haust / 8 samlingar vår. Foreldra får utdelt ark med songane som vi brukar, dei som vil kan ta med heim.</li> <li>• Det vert informert om babysong i/på: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dåpssamtale</li> <li>○ Facebook-sida til kyrkja i Askvoll</li> <li>○ Plakatar: kyrkja, kyrkjekontoret, helsestasjonen, kommunehuset m.m.</li> <li>○ Det går fram av informasjon/invitasjon at alle 0-1 åringar er velkomne på babysong, ikkje berre døypte.</li> </ul> </li> <li>• Semesteravslutningane kan ha form av kvardagsgudsteneste i kyrkja. Til denne gudstenesta vert born og foreldre som kan kome og hente dåpsdue (i året etter dåpen) særleg inviterte.</li> <li>• Ein gong i året foregår babysong på Askvollheimen (gjere avtale i god tid). Dei som deltok førre semester kan også inviterast med.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>	<p>Planlegging og gjennomføring: Kyrkjelydspedagog og organist.  Saman med frivillige til vanleg, saman med sokneprest ved gudsteneste.  Utsending av informasjon til foreldre: Kyrkjelydspedagog.</p>
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Stad for tiltaket må tilpassast til dei deler av soknet der det finst aktuelle deltakarar, og det er interesse for å delta. Om ein ikkje kan skipe til heile semester, kan det arrangerast sekvensar av samlingar (t.d over tre månadar) i alle av kyrkjene/kapella, ved behov.</li> <li>• Organisten tek del i song-delen av samlinga.</li> <li>• Kyrkjelydspedagog kan organisere ei liste over frivillige, ein til to personar er med kvar gong og har ansvar for å førebu måltidet. Dei bidreg også positivt til det sosiale miljøet på Babysong.</li> <li>• Tiltaket skal også bidra til at foreldre kjenner seg trygge på å drive trusopplæring i heimen.</li> <li>• Smikke med bordbøn vert delt ut til alle nye deltakarar på første samling.</li> <li>• Barnet får «1-år sidan dåpen»-foldar i posten når det blir eitt år.</li> <li>• Foreldre avgjer sjølv kor mange samlingar dei deltek på.</li> <li>• Tiltaket har ikkje påmelding, og det er deltakarbetaling a kr 30 for kvar gong.</li> <li>• Kyrkjelydspedagog set opp songar som skal brukast på samlingane.</li> <li>• Ein brukar dei same songarket (songane og bønene) over tid, slik at foreldra har moglegheit til å lære dei, og borna har moglegheit til å kjenne dei att. Songarket som vert brukt, kan foreldra ta med heim.</li> <li>• Kyrkjelydspedagog set opp datoar for samlingar.</li> <li>• Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>• Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre i god tid, og i Kyrkjebladet ( stad, tidspunkt m.m.)</li> </ul>
<b>Materiell til utdeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Smikke med bordvers / bordbøn</li> <li>• Faldar: «1 år sidan dåpen»</li> </ul>

### 3.3 Krøllesamling

Alder: 2 og 3 år (1 samvær, tilsaman 1 time)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Barnet og foreldra opplever eit trygt fellesskap, og eit trygt møte med trua.</li> <li>Barnet lærer songar, kveldsbøn og velsigning frå 2-årsboka, og får høyre forteljinga om Krølle.</li> <li>Foreldre blir trygge på å bruke boka heime.</li> </ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Å høyre til og å oppleve fellesskap, undring og glede gjennom song, musikk og leik saman med andre born og med trygge vaksne.</li> <li>Møte forteljingar frå Bibelen om Gud som skapar og Jesus som ven.</li> <li>At foreldre får hjelp til å forstå korleis forteljingane frå Bibelen er relevante for småbarnsforeldre og borna deira, og kva det vil seie å tru saman.</li> <li>Gje foreldre trygggleik og reiskapar til å praktisere trusopplæring i heimen.</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Å komme inn i kyrkja, sjå at alterlysa og lyset midt i globen er tente på førehand.</li> <li>Bli kjend i kyrkja; sjå på lysa, altertavla, døypefonten m.m.</li> <li>Knyte samlinga mot dåpen. Tenne dåpslyset.</li> <li>Lukas 15, 4-7: Sauen som vart attfunnen.</li> <li>Joh.10, 11: Den gode hyrdingen.</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Å vere saman i kyrkja.</li> <li>Vi tenner dåpslyset ved døypefonten, og i lysgloben.</li> <li>Vi syng og les forteljinga om Krølle i 2-årsboka.</li> <li>Vi ber bøner og velsigning</li> <li>Gudsteneste (15 min) av samlinga.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samlinga er årleg i løpet av fastetida, så langt som råd i den kyrkja borna høyre til. Samlinga skjer på laurdag eller i tilknytning til gudsteneste søndag (pga reiseavstandar). Kyrkjelydspedagog leier samlinga: <ul style="list-style-type: none"> <li>-2 åringane og foreldre vert møtte i døra med Krølle (tøykoselam).</li> <li>- Samlinga foregår framme i koret på matter, først.</li> <li>- Vi syng, ber, og høyre historia og lærer songen om Krølle.</li> <li>- Vi leitar etter Krølle og syng sangen, vi finn han og reflekterer over kor glade vi er når nokon vert funnen.</li> </ul> </li> <li>Gudsteneste i siste del av samlinga (15 min), saman med prest: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi tenner lys i lysglobe: Foreldra kan tenne for sitt barn</li> <li>- Vi ber «Vår far»</li> <li>- Vi deler ut bok og syng ein song frå 2-årsboka.</li> <li>- Velsigning</li> </ul> </li> </ul>	
<b>Ansvarleg</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Initiativ, planlegging og gjennomføring av samling: Kyrkjelydspedagog</li> <li>Gudstenestedelen: Sokneprest.</li> </ul>	
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kyrkjelydspedagogen sender ut invitasjon til 2 og 3 åringane, fire veker før samlinga skal skje.</li> <li>E-post med informasjon vert sendt til helsestasjon.</li> <li>Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre i god tid.</li> <li>Barnet får «2-år sidan dåpen»-foldar i posten når det blir to år.(IKO)</li> <li>Barnet får «3-år sidan dåpen»-foldar i posten når det blir tre år.(IKO)</li> </ul>	

<b>Materiell til utdeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Til to-åringar: Mi kyrkjebok 2 ( IKO) Ta med ekstra-bøker i tilfelle det er 3-åringar som ikkje fekk i fjor.</li> <li>• Til 3-åringar: Matboks med Bo og Nora (IKO)</li> <li>• Dåpsfaldarar (sjå ovanfor)</li> </ul>
-------------------------------	---

### 3.4 Kirkerotteteater

Alder: 4, 5 og 6 år (1 samvær, tilsaman 1 time)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna får høyre ei sentral forteljing om Jesus.</li> <li>• Barnet opplever eit trygt fellesskap i kyrkja.</li> <li>• Barna høyrer om mellommenneskelege utfordringar og spørsmål.</li> <li>• Barna blir nysgjerrige på kva forteljingar som elles fins i Bibelen.</li> </ul>
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• At barn og foreldre opplever kyrkja som ein trygg stad å vere.</li> <li>• Å kjenne til kyrkja som ein stad der vi møter kvarandre og Gud.</li> <li>• At forteljingane om Jesus kan gi glede, trøyst og oppmuntring.</li> <li>• Å oppleve vennskap og fellesskap når vi samlast.</li> <li>• Barna får del i ei bibelsk forteljing som det kan relatere til eige liv; vennskap, godt og vondt. Rett og gale. Tilgjeving og forsoning.</li> <li>• Tiltaket omhandlar spørsmål som: kva er sant og viktig? kven er min neste? Teaterstykket utfordrar borna til etisk refleksjon og handling</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna skal få kunnskap og kjennskap til kyrkja. At kyrkja er ein plass dei kan trivast, saman med andre. I kyrkja skal alle oppleve at dei er like verdifulle.</li> <li>• Kirkerotteteateret legg opp ein treårs-syklus, med eit nytt stykke kvar år, td: 2020: Sakkeus, Lukas 9.2-10 2021: Den barmhjertige samaritan, Luk 10, 25-36 2022: Sauen som blei borte, Luk 15,4-7</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna sit saman med venner</li> <li>• Barna vert inviterte til å gje respons undervegs.</li> <li>• Alle i kyrkja er med å syngje, be kveldsbøn.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontaktperson for teateret tek kontakt med oss og sender ut epost med videosnutt som vi kan bruke til å profilere tiltaket på Facebook-sida vår. I eposten står det elles praktiske punkt for førebuing og rigging av samlinga.</li> <li>• Kyrkjelydspedagogen eller annan i staben ynskjer velkommen og takkar etterpå. Kirkerotte-teateret har elles heile samlinga.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>	Kyrkjelydspedagogen har ansvar for informasjon og planlegging i Askvoll sokn.

	Kyrkjelydspedagog har løpande kontakt med teateret sin kontaktperson før dei kjem. Kyrkjelydspedagogen har ansvar for at frukt og drikke vert kjøpt inn/laga til.
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samlinga skjer i Askvoll kyrkje, ein gong pr år. Alle 4-6 åringar frå alle kyrkjekrinsane får invitasjon, med billett, DVD (kun til 4-åringane) og påmeldingsinformasjon til foreldra (askvoll.kyrkja.no).</li> <li>• Kyrkjelydspedagogen sender ut invitasjonar i god tid, om våren.</li> <li>• Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>• Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre så snart datoane er klare.</li> <li>• Påminning om tiltaket på FB-side i dagane før.</li> <li>• Vere obs på ferjetider, for å få med flest mogeleg frå øyene.</li> <li>• Frivillige kan ta del som kyrkjevertar og liknande.</li> </ul>
<b>Materiell til utdeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• DVD som kjem saman med invitasjonen.</li> <li>• Brosjyre som blir delt ut til alle barna i kyrkja.</li> </ul>

### 3.5 Undringstime

Alder: 4 og 6 år (1 samvær, tilsaman 1 time)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnet har fått møte nokre av dei fast tilsette i kyrkja, som også vil ha tydelege rollar under utdelings-gudstenesta.</li> <li>• Barnet har blitt kjend med kyrkjerommet, og blitt introdusert for døypefont, preikestol, orgel og altertavle som viktige gjenstandar/stader i rommet.</li> <li>• Barnet har lært å teikne seg med korsets teikn.</li> <li>• Barnet kan to songar ein, ein frå 4-årsboka og ein frå 6-årsboka.</li> <li>• Barnet er blitt nysgjerrig på å vite meir om kyrkja som bygg, og på å høyre fleire forteljingar frå Bibelen.</li> </ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å oppleve kyrkja som ein trygg stad å vere.</li> <li>• Å kjenne til kyrkja som ein stad der vi møter kvarandre og Gud.</li> <li>• Å vite at forteljingane om Jesus kan gi glede, trøyst og oppmuntring.</li> <li>• Å oppleve venskap og fellesskap når vi samlast.</li> <li>• Korset som kristendommen sitt merke, det mest sentrale symbolet.</li> <li>• Å oppleve seg som viktig for Jesus og viktig i kyrkjelyden.</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å komme inn i kyrkja, sjå at alterlysa og lyset midt i globen er tente på førehand.</li> <li>• Korsteiknet.</li> <li>• Songar om Guds kjærleik og omsorg.</li> <li>• Gudstenesta som samling.</li> <li>• Kyrie (knyte opp mot historien om Bartimeus)</li> <li>• Bøn</li> <li>• Velsigning (nr 46, s 1151 i Salmeboka)</li> <li>• Døypefont, preikestol, altertavle, orgel, dåpskanne, dåpslyset.</li> </ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jesus og borna, Markus 10, 13-16 + Lukas 18,15-17</li> <li>• Bartimeus, Markus 10, 46-52</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å samlast i kyrkja.</li> <li>• Vi tenner dåpslyset ved døypefonten.</li> <li>• Vi syng saman (frå 4-og 6 årsboka).</li> <li>• Vi høyrer frå Bibelen.</li> <li>• Vi ber samlingsbøn (hermebøn).</li> <li>• Jesus og borna: Å kjenne seg liten og oversett, å vite at ein har eit fang å kome til, der ein også vert velsigna.</li> <li>• Førebu gudsteneste saman.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samlinga skjer årleg i tilknytning til Sprell levande hausttakkefest eller høveleg familiegudsteneste, i dei ulike kyrkjene. Kyrkjelydspedagog leier samlinga som har form av ei vandring rundt i kyrkja, med dei utvalde gjenstandane som stasjonar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Felles start i våpenhuset, med intro til kyrkja som eit annleis hus.</li> <li>- Gå inn stille barn og vaksen i lag, parvis, med beskjed om kor dei skal sitje (medan organisten spelar).</li> <li>- Øve på hermebøn, øve på songar.</li> <li>- Døype dokke: Snakke om då dei vart døypte. Vise korsets teikn på dokka, barna gjer korsets teikn på seg. Fulle vatn i døypefonten, med dåpskanna (vaksen og 6-åring). Barna kjenner på vatnet, teiknar vått kors i handa eller dei som vil kan døype dokka, og gje ho namn.</li> <li>- Sjå på altar / altartavle. Prøve å knele på alterringen. Sjå utsikten frå preikestolen, ein og ein eller to og to.</li> <li>- Øve Kyrie og velsigning.</li> </ul> </li> </ul> <p>Desse punkta må gjennomførast på ein slik måte at dei vaksne har ein klar rolle saman med sitt barn gjennom samlinga.</p>	
<b>Ansvarleg</b>	<p>Kyrkjelydspedagog ansvar for planlegging, utarbeiding av køyreplan, og gjennomføring av samling.</p> <p>Samlinga skjer i tilknytning til gudsteneste (forrettande prest ansvarleg).</p> <p>Planlegging av datoar må skje i samband med gudstenestelista.</p>	
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kyrkjelydspedagog sender invitasjon fire veker før tiltaket.</li> <li>• Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>• Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre i god tid.</li> <li>• 4-6 åringar med vaksne vert inviterte til undringstimen. Heile familien og fadrar til gudsteneste. Borna får utdelt bok i gudstenesta.</li> <li>• 5 åringane i soknet får òg invitasjon til gudstenesta. Dei får utdelt kvar sitt gripekors i gudstenesta.</li> <li>• Konfirmantar/medliturgar kan få oppgåver på samlinga.</li> <li>• Under samlinga vert det invitert til søndagsskule og dei ulike barneklubbane i soknet.</li> <li>• Tiltaket vert presentert i eigen artikkel på nettsida.</li> <li>• Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre i god tid.</li> </ul>	

### 3.6 Sprell levande hausttakkefest, med utdelingar.

Alder:4,5 og 6 år (1samvær, tilsaman 1 time)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnet kjenner til gudsteneste som ein trygg arena.</li> <li>• Barnet vert kjend med gudstenesta sin liturgi.</li> <li>• Barnet høyrer ei forteljing om Guds skaparkraft.</li> <li>• Foreldre og fadrar er motivert til å lese i boka saman med barnet.</li> <li>• Foreldre er motivert til å la barnet begynne på søndagsskule/ delta i trusopplæringa sine samlingar.</li> </ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å oppleve kyrkja som ein trygg stad å vere.</li> <li>• Å kjenne til gudstenesta som ein stad der vi møter kvarandre og Gud.</li> <li>• Å oppleve venskap og fellesskap når vi samlast.</li> <li>• Å vite at ein er del av Guds skaparverk.</li> <li>• Å oppleve seg som viktig for Jesus og viktig i kyrkjelyden.</li> <li>• Møte gudsteneste som arena for alle generasjonar samtidig.</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Songar om Guds kjærleik og omsorg ( 4-og 6 årsbok)</li> <li>• Korsteiknet</li> <li>• Kyrie</li> <li>• Velsigning (nr 46, side 1151 i Salmeboka)</li> <li>• Bibeltekst: Søndagens tekst eller ein av desse <ul style="list-style-type: none"> <li>○ 4-årsboka: Alt blir til (1. Mos 1),</li> <li>○ Jesus settar fem tusen (Matt 14, 13-21 og Joh 6, 1-15)</li> </ul> </li> <li>• Hermebøn og teiknebøn.</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi feirer gudsteneste, syng saman, ber og høyrer frå Bibelen.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein enkel prosesjon saman med barna og dei vaksne som vil, vert organisert siste kvarter før gudstenesta.</li> <li>• Utdelingar (bøker og gripekors) før forbøna. Utdelinga tek til med ei kort innlegg om kyrkja og heimen sitt samarbeid i trusopplæringa.</li> <li>• Preika denne dagen skal vere tilrettelagt for dei inviterte barna.</li> <li>• Så mange songar som råd bør vere frå 4- og 6 årsboka. Liturgien må leggast opp slik at borna får prege gudstenesta.</li> <li>• Vi tenner dåpslyset (eller vi har dåpspåminning dersom det ikkje er dåp).</li> <li>• Teiknebøn: I midtgongen lagar vi til fargar og teiknerull som barna kan teikne sine bøner på. Kan henge opp på veggen etterpå.</li> <li>• Vi ber hermebøn.</li> <li>• Kyrkjelyden vert oppmoda til å teikne seg med korsets teikn under velsigninga.</li> </ul>	
<b>Ansvarleg</b>	<p>Forrettande prest har ansvar for utforming av gudsteneste, og har også ansvar for at det skjer i samarbeid med kyrkjelydspedagog.</p> <p>Informasjon utad: Sokneprest og kyrkjekontor.</p> <p>Bestilling av materiell: kyrkjelydspedagog.</p>	
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 4 og 6 åringane får invitasjon saman med invitasjon til Undringstime.</li> <li>• 5-åringane får invitasjon til denne gudstenesta, fire veker før.</li> <li>• Søndagsskule eller barnelag er inviterte til å vere med som medliturgar. Sokneprest tek kontakt med dei.</li> <li>• Deltakarar i barne-arbeid bør få invitasjon til gudstenesta.</li> <li>• Foreldre er også ei eiga målgruppe for dette tiltaket, det må vise igjen i invitasjon og i gjennomføring.</li> <li>• Så langt som råd skal det vere kyrkjekaffi/ -frukt etter gudstenesta.</li> </ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket vert kunngjort som andre gudstenester, og saman med informasjon om tiltaket «Undringstime».</li> <li>• Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>• Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre i god tid.</li> </ul>
<b>Materiell til utdeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Til 4 -og 6 åringen: « Mi kyrkjebok 4/ Mi kyrkjebok 6» (IKO)</li> <li>• Til 5-åringen: Utdeling av gripekors (IKO)</li> <li>• Til foreldra: Utdeling av «InTro til førskuleforeldre» ved utgangen.(IKO)</li> </ul>

### 3.7 Dåpssamtale større barn / ungdom

Alder: Frå 6 år( 2 samvær, til saman 2 eller 3 timar for 1.gongsforeldre).

I Askvoll sokn er dei fleste dåpane av spedborn / små born, om spedbarn, men det er inga aldersgrense for dåp. Det er ikkje uvanleg at ungdom vert døypt i konfirmasjonstida.

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• At den som søker dåp får eit godt møte med kyrkja, og er kjend med kyrkjerommet, liturgien, dåpshandlinga og kva dåpen inneber.</li> <li>• At dåpskandidaten har fått individuell samtale, evt fleire, også saman med føresette (avhengig av kandidaten sin alder). Om vedkomande er under 15 år: At foreldre er kjend med trusopplæringa i soknet, og at trusopplæring er eit felles ansvar for foreldre, fadrar og kyrkjelyd.</li> <li>• At dåpskandidaten opplever seg som ein fullverdig medlem av kyrkja.</li> </ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Får høve til å utforske eigen motivasjon for dåp.</li> <li>• Vere kjend med gudsteneste-, trusopplærings- og medarbeidertilbodet i kyrkjelyden.</li> <li>• Får høve til å stille sine spørsmål om dåpen, kristen tru og livet som døypt.</li> <li>• Vere kjend med at dåpen er også ein inngang til fellesskapet av dei døypte.</li> <li>• Undring, glede og takk i møte med livet og det skapte.</li> <li>• Reflektere saman over Guds lovnader.</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dåpen- Gud sitt store «Velkommen»</li> <li>• Bibeltekstar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Matt 28, 16-20. ( Dåpsbodet/Misjonsbodet)</li> <li>- Titus 3, 4-7. («..kor han elsker menneska.»)</li> <li>- Joh 3, 1-5 (Å bli fødd av vatn og ande)</li> </ul> </li> <li>• Dåpsliturgien, truedkjenning og bøn.</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Be for kandidaten / samen med kandidaten.</li> <li>• Tenne lys.</li> <li>• Velsigning.</li> <li>• Syngje salmar.</li> <li>• Delta i liturgi.</li> <li>• Delta i dåpshandlinga, involvere familie/vener.</li> <li>• Feire gudsteneste.</li> </ul>

<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket skjer på initiativ frå den som søker dåp, i høveleg tid før dåpen, som ein eller fleire individuelle samtalar /saman med familie/vener.</li> <li>• Innhaldet i samtalen varierer etter situasjonen, men søker å ta opp i seg dei elementa som er nemnt ovanfor.</li> <li>• Samtale om fadder sin rolle, val av fadder.</li> <li>• Helsing frå kyrkjelyden: Kort med helsing om dåpskluten, bok som høver til situasjonen, bilde/plakat om bøn vert delt ut på samtalen. Lys, stake og dåpsklut vert delt ut på dåpsdagen.</li> <li>• Forrettande prest leier samlinga.</li> <li>• Kyrkjekontoret/ prest tek imot påmelding til dåp.</li> <li>• Det bør finnast informasjon om dåp av større born, ungdom og vaksne på askvoll.kyrkja.no, i tilknytning til «Påmelding til dåp».</li> <li>• Invitasjon til dåp: Lokal informasjonskampanje om moglegheit for dåp to gonger kvart år: I kyrkjelydsblad, på nettside, i sosiale media, ved arrangement og plakat.</li> <li>• Tiltaket kan skje i samband med dei fleste gudstenester.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>	Sokneprest og/eller forrettande prest har ansvaret. Kyrkjelydssekretær legg til rette for tiltaket. Kyrkjelydspedagog har ansvar for å vurdere materiellet som vert delt ut, og syte for oppdatering til nytt materiell når det er påkrevd.
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket gjeld alle kyrkjekrinsane i soknet.</li> <li>• Dåpsfølgjet og konfirmantar er involvert som frivillige/medliturgar.</li> <li>• Til vanleg skjer dåpen i hovudgudstenesta, eller i anna eigna gudsteneste.</li> <li>• Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> </ul>
<b>Materiell til utdeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fadderhelsingar</li> <li>• Kort med helsing om dåpsklut</li> <li>• Bok som høver til alderen til den døypte. Døme: Andaktsbok, bibel-bok, boka «Eit ja». <a href="https://iko.no/forlaget/ti-til-atten-ar/et-ja-eit-ja">https://iko.no/forlaget/ti-til-atten-ar/et-ja-eit-ja</a></li> <li>• Bøne-plakat eller -bilde.</li> <li>• Dåpslys</li> <li>• Lysestake</li> <li>• Dåpsklut</li> </ul>



### 3.8 Engleverkstad og lysmesse

Alder: 7 år (2 samvær, tilsaman 2 timar)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Verte kjend med historia om Jesu fødsel, med vekt på englane og vismennene og stjerna sine rollar i fortellinga.</li> <li>• Barnet har laga sin eigen engel</li> <li>• Barnet har lært «En stjerne skinner i natt» og «No tenner vi det første lys» eller ein annan adventssang.</li> <li>• Førebu høgtida som kjem gjennom forteljing og aktivitet som knyter saman høgtida i kyrkja og høgtida i heimen.</li> </ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Guds kjærleik til alle menneske over heile jorda. (Englebodskapen)</li> <li>• Håpet, om å la seg leie av håpsteikn. (Stjerna).</li> <li>• Å ta imot eller ikkje ta imot Guds gåve (Vismennene kontra Herodes)</li> <li>• Jul som ei tid for både å gle seg og gru seg.</li> <li>• Å feire høgtida både heime og i kyrkja.</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å gå i kyrkja i advents- og juletida.</li> <li>• Jesus er lyset for verda, Joh 8, 12.</li> <li>• Profetiar om Jesus, Salme 72, 10-11</li> <li>• Namnet Immanuel – Jes 7, 14 og Matt 1, 23</li> <li>• Jesus vert fødd, Luk 2, 1-20</li> <li>• Vismennene hyllar Jesus, Matteus 2</li> <li>• Synge«En stjerne skinner i natt», «No tenner vi det første lys» eller ein annan adventssang.</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi fortel og samtalar.</li> <li>• Vi syng, ber og tenner adventslys.</li> <li>• Vi førebur høgtida.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Advent- og bønnevandring i adventsutstillinga i kyrkjerommet, med fokus på Ariel- fortellinga og at vismennene kjem til krubba.</li> <li>• Høver både for barnet åleine og barn saman med vaksen.</li> <li>• Samlinga skjer i timen før lysmessa i dei kyrkjene dette er.</li> <li>• Det er ein eigen fast køyreplan for denne samlinga: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi møtast ved døra bak, ber alle setje seg framme i koret på matter</li> <li>- Vi tenner Kristuslyset i midten av lysgloben.</li> <li>- Vi øver på songar som skal brukast i lysmessa</li> <li>- Vi høyrer forteljinga om engelen Ariel.</li> <li>- Kwart barn får lage ein enkel engel, på arbeidsbord bak i kyrkja, eller i benkane.</li> </ul> </li> <li>• Kyrkjelydspedagog leier samlinga.</li> <li>• Informasjon med kopi av invitasjon på e-post til helsestasjon flyktingetenesta, barnevernet.</li> </ul>	
<b>Ansvarleg</b>	<p>Kyrkjelydspedagog ansvar for planlegging, utarbeiding av køyreplan, og gjennomføring av samling, i samarbeid med organist og prest.</p> <p>Samlinga skjer i tilknytning til lysmesse (forrettande prest og organist ansvarleg).</p> <p>Informasjon utad: Kyrkjelydspedagog.</p>	
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kyrkjelydspedagog sender ut invitasjon til borna fire veker før tiltaket. og informasjon til dei som skal vere med som frivillige i tiltaket.</li> <li>• Fadrar og foreldre vert oppfordra til å bidra som frivillige.</li> <li>• Konfirmantar kan delta som medhjelparar.</li> <li>• Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>• Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre i god tid.</li> </ul>	

### 3.9 Tårnagentdag med Tårnagentgudsteneste

Alder: 8 og 9 år (1 samvær, 4 timar) Fellestiltak i Askvoll kyrkje, kvart 2.år.

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Barna opplever at dei har utforska kyrkja på ein spanande måte, og har lært mykje ved å utforske sjølv.</li> <li>Barna er kjende med symbol og arkitektur i kyrkja.</li> <li>Barna kan historia om kyrkjeklokkene i kyrkja, og veit kva funksjon kyrkjeklokkene har.</li> <li>Barna kjenner seg knytt til -og heime i kyrkjebygget og det som skjer der.</li> <li>Barnet veit at det kan vera ein «tårnagent» også etter tiltaket –ein som undrar seg, leitar etter teikn, og har ein god bodskap å gå med.</li> </ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Å tru på noko ein ikkje ser.</li> <li>Å uttrykke seg gjennom kyrkjelege teikn og symbol, og å tolke desse.</li> <li>Å oppleve glede, spenning og undring i møte med bibeltekstar.</li> <li>Reflektere over seg sjølv som ein del av kyrkja si historie: <ul style="list-style-type: none"> <li>Kva betyr kyrkja/kyrkjebygget for oss?</li> <li>Kva gjer kyrkja annleis enn andre bygg?</li> <li>Eigarforhold til kyrkja - kvifor kan ein kalle kyrkja "mi kyrkje"?</li> </ul> </li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tårnet og kyrkjeklokkene sin bodskap og funksjon. <ul style="list-style-type: none"> <li>Jakobs-draumen, steinen som heiter Bet-El (Guds hus), 1. Mos 28, 10-19.</li> </ul> </li> <li>Kyrkjebygget som symbol, og alle symbola som er i bruk i bygget, m.a.: Korset, fisken, dua, auget, lammet, kornaks, tårnet, alteret, lysa, preikestol, døypefont. <ul style="list-style-type: none"> <li>Leit, så skal de finna, Matt 7, 7.</li> </ul> </li> <li>Kyrkjeårsfargane og liturgiske klede.</li> <li>Dei døypte sitt oppdrag: <ul style="list-style-type: none"> <li>Matt 28,18-20 – Misjonsbodet</li> <li>Den eine sauene og dei nittini; Luk.15,1-7</li> </ul> </li> <li>Songar: <ul style="list-style-type: none"> <li>Kom, bli med på kirkevei (Bjarte Leithaug)</li> <li>Tårnagentsongen</li> <li>Slik som Far min sende meg</li> </ul> </li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vi ber med den store Kristuskransen</li> <li>Vi ber ved lysgloben</li> <li>Vi syng saman</li> <li>Lese i Bibelen og høyre frå Bibelen</li> <li>Vi tolkar symbol og undrar oss.</li> <li>Vi blir sende ut for å løyse oppdrag.</li> <li>Feire gudsteneste.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Felles start: Labyrint (inkl utdeling av namneskilt og klargjering som agentar), samlast rundt alteret, opningssamling med velkomst, song, bøn, leik og info.</li> <li>Undervisninga baserer seg i stor grad på stasjonar og opplevingar i grupper: <ul style="list-style-type: none"> <li>Symboljakt i kyrkja.</li> <li>Symbol-puslespel frå " Sprell levande"-opplegget.</li> <li>Lære Tårnagentsongen og andre songar.</li> <li>Klatre opp i tårnet, utforske klokkene, lage " Tårnmusikk".</li> </ul> </li> </ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Leik, aktivitetar, og forteljing.</li> <li>○ Lage sin eigen Kristuskrans. Bøn med Kristuskransen.</li> <li>○ Bli kjent med liturgiske fargar, lage misjonsbøsse.</li> <li>● Måltidsfelleskap.</li> <li>● Gudstenestleg samling til avslutning av dagen.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>	<p>Ansvarleg: Kyrkjelydspedagogen, saman med sokneprest.</p> <p>Kyrkjelydspedagog sender ut invitasjon til barna, og info til dei frivillige ( foreldre og andre) som skal vere med i tiltaket.</p> <p>Konfirmantar kan vere med som medhjelparar.</p>
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>● Kyrkjelydspedagogen sender ut invitasjon til barna om lag ein månad før tiltaket.</li> <li>● Tiltaket er felles for alle kyrkjekrinsane, annakvart år i Askvoll kyrkje.</li> <li>● Tårnagentdag er ein laurdag frå 11-15. Den gudstenestlege samlinga på slutten av dagen vert kunngjort offentleg som tårnagentgudsteneste, og skjer på slutten av tidsramma 11-15.</li> <li>● Det trengst ein englevakt pr gruppe born på vandringa. Kan vere fadder, foreldre, familie. Ta med dette i påmelding.</li> <li>● Fire eller fem undervisarar trengst, ein på kvar stasjon.</li> <li>● Frivillig som har yrke knytta til å leite og undersøke kan delta (politi/ journalist) er ein ekstra verdifull ressurs denne dagen.</li> <li>● Kantor og kyrkjetenar deltek på delar av tiltaket.</li> <li>● Ha gjerne med eigen fotograf, mange gode motiv ein slik dag.</li> <li>● På tiltaket bør det informerast/ inviterast til søndagsskule/Yngres/Ving og andre aktuelle tilbod for aldersgruppa.</li> <li>● Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>● Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre i god tid..</li> </ul>
<b>Materiell til utdeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>● Tårnagent-buff og nøkkelband «Størst-av-alt», nyttast som namneskilt/agentbevis.</li> </ul>

### 3.10 Kor-prosjekt med song og drama

Alder: 8, 9 og 10 år (4-6 samvær, 6- 9 timar)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>● Barna opplever eit trygt fellesskap, kreativitet og songglede i kyrkja.</li> <li>● Barna har fått høyre historia om Jesu død og oppstode.</li> <li>● At kor-prosjektet skapar glød for barnekor, bidreg til oppstart og rekruttering av kor, og inspirerer frivillige leiarar.</li> </ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>● Å jobbe som fellesskap fram mot eit mål: Familiekonsert/framføring i kyrkja og oppleve felles meistring.</li> <li>● Å leve seg inn i ei bibelsk forteljing og kva den betyr for oss i dag.</li> <li>● Å sjå verdien av vennskap mellom menneske og vennskap med Gud.</li> <li>● At heim og kyrkjelyd saman skapar tryggleik og i fellesskap driv fram kor-prosjektet gjennom øvingsvekene.</li> <li>● Håp og trygghet i møte med sorg og død, glede over livet</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>● Synge nye og gamle påskesongar/salmar.</li> <li>● Johannes 13, Matteus kap. 26-28, Lukas 24, Johannes 20-21.</li> </ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Palmegreiner (eller noko som representerer palmegreiner), vatn og vaskefat, disk og kalk, kors og levande lys, konfirmantkappe.</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi syng songar saman.</li> <li>• Vi lagar enkle drama / tablå / stillbilde, som framstiller historia om Jesu lidning, død og oppstode.</li> <li>• Vi lærer bibelvers utanåt.</li> <li>• Vi feirar gudsteneste saman med kyrkjelyden.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektet er bygd opp som vekentlege kor-øvingar i tida mellom vinterferie og påskeferie. Alle 8-, 9- og 10-åringar i soknet vert inviterte til prosjektet.</li> <li>• Tiltaket rullerer frå kyrkjekrins til kyrkjekrins, ein krins kvart år. Etter at ein har prøvd dette tiltaket i eitt år, vert det evaluert.</li> <li>• Tiltaket skjer etter fast køyreplan for den enkelte samlinga.</li> <li>• Samlingane vert leia av organist, kyrkjelydspedagog og frivillige i samarbeid.</li> <li>• Vi øver inn songar og flettar inn påskeforteljninga i form av små dramatiseringar.</li> <li>• Tiltaket munnar ut i foreldre- og familiekonsert siste halvtime av siste øving, samt framføring i ei av påskekudstenestene i soknet.</li> <li>• Alt etter stad for øving og respons frå deltakarane, kan ein variere kva påskekudsteneste ein deltek på.</li> <li>• Deltakarane vil bli presentert for moglegheita til å vere med i kyrkjelyden sitt barnekor etter avslutta tiltak.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kyrkjelydspedagog har ansvar for tiltaket.</li> <li>• Trusopplæringsutvalet og kyrkjelydsutval bidreg i å hjelpe med å finne - og verve frivillige. (Tal frivillige vil variere med tal deltakarar.)</li> <li>• Organist har i si stilling ansvar for barnekor i soknet, og deltek på øvingar og framføring i tiltaket, i samarbeid med kyrkjelydspedagog og frivillige.</li> </ul>
<b>Kommentar</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samlingane varer maks 1,5 time.</li> <li>• Foreldre er viktige frivillige i tiltaket, men det er sjølvstøtt ope også for andre som ynskjer det.</li> <li>• Det er eit mål at kyrkjelyden har eit levande barnekormiljø, og at prosjekt-koret bidreg til å styrke dette.</li> <li>• Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>• Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre i god tid.</li> <li>• Kyrkjelydspedagogen sender ut invitasjon om lag ein månad før første øving.</li> </ul>

### 3.11 Påskefest for alle, med påskevandring

Alder: 10 år (1 samvær, 2 timar)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• At barnet vert kjend med påskeforteljinga</li> <li>• At barnet er introdusert for ulike måtar å be på.</li> <li>• At barn og foreldre får lyst til å delta på skulestart-gudsteneste og andre familieretta gudstenester.</li> <li>• At barnet har blitt introdusert for nattverd saman med foreldre.</li> </ul>
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å vite at barnet er størst i Guds rike.</li> <li>• Oppleve gudstenesta som ein arena for fellesskap og venskap.</li> <li>• Håp og trygghet i møte med sorg og død, glede over livet</li> <li>• Livet som er sterkare enn døden.</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å feire gudsteneste</li> <li>• Påskeforteljinga: Kva skjedde med Jesus?</li> <li>• Matteus kap. 26-28 ( kan henvise til 6.årsboka òg)</li> <li>• Alteret sin sentrale plassering i kyrkjerommet.</li> <li>• Bruken av ulike kors i kyrkjerommet.</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Feire nattverd</li> <li>• Dåp eller dåpspåminning i gudstenesta</li> <li>• Påskevandring før gudstenesta.</li> <li>• Bønevandring i gudstenesta over same lest som påskevandringa.</li> <li>• Å høyre forteljing / oppleve drama el rollespel om Jesus i påsken.</li> <li>• Å synge songar /salmar som også er i Mi kyrkjebok 6.</li> <li>• Å lyse velsigning til slutt, barna saman med presten</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket finn stad årleg i tilknytning til påskefest for alle / høveleg gudsteneste i påsken/påsketida. Invitasjon til gudsteneste og påskevandring vert sendt ut tre veker før.</li> <li>• Påskevandringa er ein stasjonsvandring i kyrkjerommet. Stasjonane er ulike hendingar i påskeveka som også er kobla med innhaldet i bønevandringa i gudstenesta.</li> <li>• Bønevandringa: Takkoffer, legge ned hjarte ved eit kors, lystenning, velsigning, dåpspåminning, skrive eller teikne bøner.</li> <li>• Inngongsprosesjon med born, konfirmantar og (med)liturg, alle med påskeblomar i hendene. Blomane vert sett i vasar.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>	<p>Forrettande prest og kyrkjelydspedagog har gjensidig ansvar for utforming, planlegging og gjennomføring av gudsteneste, og har også ansvar for at det skjer i samarbeid med tilsette, frivillige og konfirmantar.</p> <p>Kyrkjelydspedagog har ansvar for invitasjon, informasjon og bestilling av materiell</p>
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kyrkjelydspedagogen sender ut invitasjon til barna fire veker før gudstenesta.</li> <li>• Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>• Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre i god tid.</li> <li>• Påskevandringen kan gjennomførast felles for fleire kyrkjekrinsar om gongen, dersom det er mest praktisk.</li> </ul>
<b>Materiell til utdeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Varierer frå gong til gong. Ein utdelingsgjenstand som vert eit konkret teikn på påska si glede.</li> </ul>

### 3.12 Utdeling av Bibel

Alder 11 år (1 samvær, 1 time). I alle kyrkjene.

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Barnet har fått sin eigen bibel.</li> <li>Barnet har delteke på bønnevandring i ei gudsteneste.</li> <li>Barnet vert saman med kyrkjelyden minna om Bibelen sitt mangfald, og Bibelen sin verdi for kyrkjelyds- og samfunns-fellesskapet.</li> </ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bibelen som ein møtestad mellom oss og Gud.</li> <li>Bibeltekstane sin rolle i å forstå seg sjølv og verda ein lever i.</li> <li>Bibelen gjev hjelp til trua, bibelord som såkorn i oss.</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gudsteneste med bønnevandring.</li> <li>Preiketekstar: <ul style="list-style-type: none"> <li>Lukas 8, 4-15 (Såmannsøndag, rekke 1 + F)</li> <li>Markus 4, 26-34 (Såmannsøndag, rekke 2)</li> <li>Markus 13, 24-30 (Såmannsøndag, rekke 3)</li> <li>Evt Luk 24, 13-43 (På vegen til Emmaus) eller Lukas 2, 41-52 (Jesus i tempelet).</li> </ul> </li> <li>Gudstenesta kan slutte med utgangssalme 991 Slik som Far min sende meg.</li> <li>Det kan vere nattverd i gudstenesta.</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Å bruke Bibelen både åleine og i fellesskap.</li> <li>Lytte til forkynning.</li> <li>Syngje salmar, delta i liturgi.</li> <li>Bønnevandring med mellom anna desse stasjonane: <ul style="list-style-type: none"> <li>Utdeling av Bibel</li> <li>Å motta velsigning, evt. nattverd.</li> <li>Lystening</li> <li>Dåpsspåminning.</li> <li>«Smak og sjå» - få eit bibelvers.</li> <li>Takkoffer.</li> <li>Bønnetre.</li> </ul> </li> <li>Be for 11 åringane under forbøna.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gudsteneste med utdeling i kvar soknekyrkje på Såmannsøndag eller nærliggjande søndag.</li> <li>Bibelen vert presentert i gudstenesta.</li> <li>Salmane i gudstenesta bør passe til den inviterte aldersgruppa.</li> <li>Gudstenesta vert kunngjort på vanleg vis.</li> <li>Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre i god tid.</li> </ul>	
<b>Ansvarleg</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kyrkjelydspedagog sender ut invitasjon og bestiller inn Biblar.</li> <li>Forrettande prest har ansvaret for planlegging og gjennomføringa av gudstenesta.</li> </ul>	
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kyrkjelydspedagogen sender ut invitasjon fire veker før.</li> <li>Frivillige i kontinuerlege tiltak for aldersgruppa kan bli invitert til å presentere og invitere til tiltaket i gudstenesta.</li> </ul>	
<b>Materiell til utdeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ein Bibel som passar for 11-åringen. Bibelen vert delt ut som ei gåve frå kyrkjelyden.</li> </ul>	

### 3.13 Lys Vaken

Alder: 11 og 12 år (1 Samvær, til saman 6 timar) Ein fredag i november ( Om mogeleg på elevfri dag)

Fellestiltak i Askvoll kyrkje.

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnet er godt kjende med utvalde bibelforteljingar, kan enkle bibelvers utanåt og kan Herrens bøn.</li> <li>• Å være lys vaken overfor det som skjer i oss og rundt oss.</li> <li>• Vere lys vaken overfor Gud, kvarandre og oss sjølv.</li> <li>• Vite at Gud er «Lys vaken» overfor oss.</li> </ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Erfare at Bibelen er ei spennande bok som er relevant for deira liv.</li> <li>• Reflektere over kva det vil seie å vere lys vakne ovanfor seg sjølv, Gud og kvarandre, og kva det vil seie at Gud er lys vaken ovanfor oss.</li> <li>• Å vere ein del av ein større samanheng. Lys Vaken blir arrangert andre stader enn i vår lokale kyrkjelyd.</li> <li>• Kjenne seg trygg og oppleve å bli sett.</li> <li>• Oppleve at ein kan bidra i ei gudsteneste, og at eigne tankar/refleksjonar kan nyttast i ei gudsteneste.</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å finne roen i kyrkja. Salme 4, 9.</li> <li>• Bibeltekstar om lys; td Salme 119, 105, Joh 8, 12.</li> <li>• Bibelforteljingar: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Emmaus-vandrarane: Luk. 24, 13 – 35.</li> <li>○ Samuel i tempelet; 1 Sam.3</li> <li>○ Jesus lærer oss å be; Matt 6, 9–13</li> </ul> </li> <li>• Salmar: Hosianna, Davids son, Tenn lys. Andre advents-salmar.</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjå samanhengar og djupner i arbeidet med bibelforteljingane.</li> <li>• Tenne lys, syngje og be eigne og andres bønner.</li> <li>• Be Herrens bøn saman, som avslutning på kveldssamling.</li> <li>• Vere delaktige i gudsteneste søndag; liturgi, sang/musikk, drama m.m.</li> <li>• Vandre i og utforske kyrkjerommet.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket er eit årleg fellestiltak for alle kyrkjekrinsane. Det vert gjennomført ein fredag tett opp mot første søndag i advent, fortrinnsvis på ein elevfridag i midten av november. Tiltaket varer frå ca kl 15-21.</li> <li>• Samlinga tek til med oppmøte og middag bak i kyrkja kl 15.</li> <li>• Må utarbeidast detaljert køyreplan som kan ha desse elementa: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bli kjend i kyrkja</li> <li>- Bli kjend med ein av bibeltekstane og kanskje møte bibelsk person frå teksten?</li> <li>- Film</li> <li>- Gudstenesteverkstad i grupper; lage bønner, dramatisere bibeltekst, lage til bønnestasjon m.m.</li> <li>- Ordjakt i kyrkjerommet; med refleks og lommelykt, sette saman ord til bibelvers.</li> <li>- Kveldsmat</li> <li>- Aktivitet og leik.</li> </ul> </li> </ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Øve til gudsteneste; songar, bønner, prosesjon, drama m.m.</li> <li>• Gudsteneste, siste timen av tiltaket: Open gudsteneste (kunngjort offentlig) familiane til 11-åringane er spesielt inviterte.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kyrkjelydspedagogen, saman med sokneprest og organist.</li> <li>• Konfirmantar kan vere med som medhjelparar.</li> </ul>
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barn frå heile soknet vert inviterte, felles tiltak.</li> <li>• Kyrkjelydspedagogen sender ut invitasjon til borna tre veker før. Invitasjonen må vere tydeleg på at vi gjerne vil ha med føresette på samlinga.</li> <li>• Saman med invitasjonen må det vere info til dei frivillige (foreldre og andre) som skal vere med i tiltaket.</li> <li>• I invitasjonen må det også komme fram at foreldra/familien er velkomne på gudstenesta frå kl. 20-21.</li> <li>• Følge opp med info/påminning på FB og heimesida.</li> <li>• Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>• Vi ynskjer også å ha med konfirmantar og annan ungdom på tiltaket.</li> <li>• Viktig at gudstenesta vert gjort godt kjent som offentlig hending.</li> <li>• Ein eigen artikkel om tiltaket ligg på nettsida, og vert oppdatert årleg.</li> <li>• Vi legg ut informasjon om tiltaket på FB-sidene våre i god tid.</li> </ul>
<b>Materiell til utdeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle som deltek på Lys Vaken får t-skjorte og nøkkelband med namn.</li> </ul>



## Tiltaksplan og handlingsplan for tida 13-18 år

### På veg mot konfirmasjon og tida etter

Denne aldersfasen er prega av at ungdomen i større grad deltek der «dei andre» deltek. Metoden med å sende invitasjon til heimen og forvente påmelding er truleg mindre aktuell enn i tidlegare aldersfasar. (Invitasjon til konfirmasjonsundervisning er eit unntak.) Derfor bør arbeidet med denne aldersgruppa – med stigande alder – vere meir knytt til arrangement og hendingar som ikkje krev påmelding, men som tillet spontan involvering og større grad av uplanlagt frammøte.

Planen for aldersfasen 13-18 år er derfor i mindre grad ein tiltaksplan enn for 0-12. Det er i større grad ein handlingsplan som uttrykkjer korleis Askvoll sokn ynskjer at lokalkyrkjelyden skal vere ein stad ungdomane kan høyra til og finna seg til rette.

I vårt område er det svært stor oppslutnad om kyrkjeleg konfirmasjon. Derfor finst også seks konkrete tiltak for aldersgruppa, og desse heng på ein tydeleg måte saman med konfirmasjonstida: Middag og misjon, Velkomen heim! Innskrivingsgudsteneste, Konfirmasjonstida, opplegget Z, og Konfirmantreunion 1 og 2.

### 3.14 Middag og misjon

Alder: 13 år (1 Samvær, til saman 3 timar)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ungdomen får kjennskap til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, i samvær med klassevenner.</li><li>• Ungdomen kjenner til at som døypte er vi Jesu læresveinar både heime og ute.</li><li>• Ungdomen vert invitert til innskrivingsgudsteneste som skjer seinare same semester.</li></ul>
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vårt engasjement, også innan trua, betyr noko for andre menneske.</li><li>• Det vi har fått, har vi fått for å gje vidare.</li></ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Misjonsbodet (Matt 28, 18-20)</li><li>• Kjærleiksbodet (Matt 22, 37-40)</li><li>• Paulus som den første misjonæren, hans reiser og brev.</li></ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Nestekjærleik</li><li>• Solidaritet</li><li>• Evangelisering</li><li>• Nødhjelp</li><li>• Internasjonal diakoni</li></ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ungdomane inviterast til ei samling i si lokale kyrkje, eller anna egna lokale i nærleiken av skulen. Samlinga har tre deler: Middag rett etter skulentid, deretter misjonstime. Vert avslutta med kort misjonsgudsteneste.</li><li>• Ungdomen får informasjon om ein eller fleire misjonsorganisasjonar (kjem an på kva organisasjon som er på besøk), og vert kjend med kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.</li><li>• Ungdomen får ein kort presentasjon av konfirmantåret, og invitasjon til innskrivings-gudsteneste.</li><li>• Presentasjon av evt lokalt arbeid (Jonasklubben, leir osv)</li></ul>
<b>Ansvarleg</b>	Kyrkjelydspedagog og sokneprest. Gjest frå misjonsorganisasjon.

<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket skjer ein gong i kvar skulekrins: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Askvoll sk. (Askvoll, Holmedal, Atløy, Stongfjorden) i Askvoll krk.</li> <li>○ Gjelsvik skule (Kvammen) i Kvammen kapell el. anna egna stad</li> <li>○ Bulandet skule (Værlandet og Bulandet) i kapell eller fiskarheim</li> </ul> </li> <li>• Tiltaket skjer ein gong i tida januar-mai. Varierer frå år til år.</li> <li>• Aktive i tiltak for ungdom kan med fordel nyttast som frivillige.</li> <li>• Tiltaket høyrer saman med andre tiltak i perioden 13 – 18 år, og kan nyttast til rekruttering til kontinuerlige tiltak for aldersgruppa.</li> <li>• Tiltaket vert presentert med eigen artikkel på nettsida.</li> </ul>
------------------	--

### 3.15 Velkomen heim! Innskrivingsgudsteneste

Alder: 14 år (1 Samvær, til saman 1,5 timar)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• At ungdomen får hjelp til å knyte ei bru frå barnetida til ungdomstida</li> <li>• At den enkelte vert teken godt imot og gjort stas på som neste års konfirmant.</li> <li>• At ungdommen får knyte sjølvstendige band til lokalkyrkja.</li> <li>• At heimen er involvert i ungdomen si konfirmaasjonstid.</li> </ul>
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kven er eg, kven vil eg bli?</li> <li>• Kallet</li> <li>• Forholdet mellom meg og kristen tru</li> <li>• Utvikle eige språk for livs- og trushistorie.</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bibelen som basis for trua</li> <li>• Dei fire «b»ane (bøn, bibel, brorskap og brødsbryting) Apg 2. 42</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å bruke Bibelen.</li> <li>• Å vere del av fellesskap og medarbeidarskap.</li> <li>• Å feire gudsteneste</li> <li>• Å be.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ungdomane inviterast til ei gudsteneste i si lokale kyrkje i tida mellom konfirmasjon og skuleferie.</li> <li>• Presentasjon av konfirmantåret</li> <li>• Bønevandring med eigen stasjon for innskriving.</li> <li>• Kyrkjekaffi og info om konfirmantåret- for foreldre.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>	Sokneprest og kyrkjelydspedagog.
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tidlegare konfirmantar bør nyttast som medliturgar.</li> <li>• Tiltaket høyrer saman med andre tiltak i perioden 13 – 18 år, og kan nyttast til rekruttering til kontinuerlige tiltak for aldersgruppa.</li> <li>• Tiltaket vert presentert med eigen artikkel på nettsida.</li> </ul>

### 3.16 Konfirmasjonsopplæring

Alder: 14-15 år (samvær 23, 60 timar )

<p><b>Mål</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Konfirmanten skal:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utvikle sin identitet som skapt i Guds bilete som utgangspunkt for livet, å mestre kvardagen og leve i fellesskap med andre.</li> <li>○ Konfirmanten opplever at ein er ein del av eit kyrkjelydsfellesskap, blir sett og har gode opplevingar i eit trygt miljø.</li> <li>○ Få verktøy til å leve i fellesskap med den treeinige Gud (bøn, bibel, nattverd og det kristne fellesskapet)</li> </ul> </li> <li>• Konfirmantane skal kunne:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Truvedkjenninga, Herrens bøn, dei ti boda og den vesle bibelen.</li> <li>○ Slå opp i bibelen og kjenne til korleis denne er inndelt. Skal kjenne til kjernetekstar frå ulike delar av bibelen og den store fortellinga.</li> </ul> </li> <li>• Konfirmasjonstida skal vekke og styrke truslivet, og gje hjelp til å leve livet som Jesu Kristi læresveinar i heim, kyrkjelyd og samfunn.</li> <li>• Konfirmasjonstida skal søke å la ungdommen finne sin plass som medarbeidar i den lokale kyrkjelyden.</li> </ul>	
<p><b>Tema / innhald</b></p>	<p><b>Livstolking og livsmeistring</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Motivasjon i konfirmasjonstida, og verte kjent med konfirmantane.</li> <li>• Konfirmanten sin plass i kyrkja og fellesskapet</li> <li>• Lære om og erfare forvaltaransvaret vi har som menneske.</li> <li>• Gjera vona om oppstoda og det evige liv relevant for konfirmantane</li> <li>• Kjenne til kva det vil sei å følgje Jesus</li> <li>• Bli meir medviten trua si rolle i eigen identitet</li> <li>• Reflektere over korleis leve som kristen etter konfirmasjonen.</li> <li>• Sjølvbilete og menneskesyn</li> <li>• Mestring av ulike oppgåver og situasjonar gjennom konfirmantåret.</li> <li>• Verta trygg i det kyrkjelege fellesskapet.</li> <li>• Foreldre får undervisning relevant for rolla som konfirmantforeldre.</li> <li>• Foreldre vert ved ulike oppgåver involvert i konfirmantåret, og vert ansvarleggjort i rolla som konfirmant-foreldre.</li> </ul>
	<p><b>Tru og tradisjon i kyrkja</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undervisningstema gjennom konfirmantåret:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Få kjennskap til: bibelen, bøn, nattverd, gudsteneste og liturgi og kyrkjerommet.</li> <li>○ Bibelen som ei levande og relevant bok.</li> <li>○ Fyste trusartikkel; Gud som skapar og oss som skapning.</li> <li>○ Andre trusartikkel; Inkarnasjonen, nattverdens innhald, dåp, Jesus som frelsar og vår rolle som læresveinar.</li> <li>○ Tredje trusartikkel; diakoni og misjon, andens frukt og andens gåver, «kven er Den Heilage Ande?», Anden til stades i våre liv.</li> <li>○ Påskevandring; den kristne trua samla på ei veke, dei ulike hendingane i påskeveka knytt til tru og truspraksis.</li> </ul> </li> </ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Død, sorg og gravferd. Det kristne håpet.</li> <li>○ Kristen etikk; Dei ti boda, sjølvbilete og korleis leve med kvarandre. Fastetida i kyrkja.</li> <li>○ Kyrkjeåret og dei kristne høgtidene.</li> <li>• Gudstenester i konfirmantåret <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Presentasjon av konfirmantane; kyrkjelyden inviterast til å ta del i konfirmantåret gjennom bøn, gudstenestefellesskap, frivillig medarbeidarskap med meir.</li> <li>○ Gudsteneste på leir.</li> <li>○ Gudsteneste på natt-cup.</li> <li>○ Lysmesse: Jesus som lyset i mørket, og vår messias.</li> <li>○ Samtalegudsteneste(r); konfirmantane får vise fram noko av det dei har vore med på, lært og erfart gjennom året. Væra med å laga gudsteneste for andre.</li> <li>○ Konfirmasjonsgudsteneste: stadfesting av dåpen, høyre Gud til og tru på Jesus.</li> <li>○ Gudstenestemedhjelpar: konfirmantane har i løpet av konfirmanttida ei aktiv rolle i den gudstenestefeirande kyrkjelyden.</li> </ul> </li> </ul>
	<p><b>Kristen tru i praksis</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gudstenestefeiring: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Gudstenestedeltaking: konfirmantane er med i den kristne fellesskapen og ærar Gud.</li> <li>○ Gudstenestemedhjelpar: konfirmantane har i løpet av konfirmanttida ei aktiv rolle i den gudstenestefeirande kyrkjelyden.</li> </ul> </li> <li>• Bøn: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ konfirmantane får erfare ulike måtar å be på, formulere bønner og lære bønner.</li> <li>○ Konfirmantane vert bedt for og ber for kvarandre.</li> </ul> </li> <li>• Nattverdsfeiring: Konfirmantane får kjennskap til kva nattverd er, og korleis det feirast, samt moglegheit til å delta i nattverdsfeiring.</li> <li>• Bibel: Bibeltekstar vert nytta i forkynning, samtalar, drama, refleksjon og undervisning.(bibeltekstar i konfirmantopplæringa, sjå vedlegg «oversikt over bibeltekstar i trusopplæringa».</li> <li>• Misjon og diakoni: Konfirmantane deltar i fasteaksjonen, får kjennskap til misjonsverksemd i nærområde, og tilbod om engasjera seg i kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.</li> <li>• Salmesong: Salmar konfirmantane skal kunne: 434: Det er namnet ditt eg ropar(Kallet), 433: Da Herren kom til denne jord, 197: Deg være ære, 240 Måne og sol, 325 Som når et barn og 624 Må din vei. I tillegg lærer konfirmantane bordvers, andre salmar og songar, og deltek i salmesong.</li> </ul>

<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Konfirmantundervisninga er lagt opp som: Felles konfirmantdag på ein kvardag i slutten av sommerferien, undervisning på kvardagskveldar gjennom året, konfirmantleir, natt-cup, gudstenester, skaparverkstur og fasteaksjon.</li> <li>• Undervisningsmetodar: film, oppgåver, leik, deltaking i aktivitet, postløype, forelesing, høgtlesing, gruppesamtalar, enkeltsamtalar, gudstenestefellesskap, gjennomgåande bruk av kristne symbol. Bruk av gjenstandar. Drama og pantomime. Med meir.</li> <li>• Det finst malar for dei ulike samlingane i konfirmantåret.</li> <li>• Konfirmantopplegget er eit tverrfagleg tiltak som inkluderer prest, pedagog, kyrkjemusikar, kyrkjetenar, administrasjonen og ulike frivillige medarbeidarar.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Soknerådet har det overordna ansvaret for konfirmantundervisninga (kirkeoven §9),</li> <li>• Sokneprest har det daglege ansvar for utforming og gjennomføring av tiltaket. Kyrkjelydspedagog og sokneråd har initiativrett.</li> <li>• Sokneprestane har og eit særleg oppfølgingsansvar jfr. tjenesteordning for menighetsprester §2</li> <li>• Kyrkjeleg fellesråd har saman med kommunen ansvar for tilrettelegging og økonomi (kirkeoven §14 og §15)</li> </ul>
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det meste av konfirmantopplegget skjer på fellessamlingar i Askvoll kyrkje, men gudstenestearbeid og nokre andre tiltak er lokalt forankra. Det blir lagt vekt på å ta omsyn til dei ulike kyrkjekrinsane sitt arbeid og nærmiljø.</li> <li>• Frivillige medarbeidarar deltar i konfirmantopplegget gjennom undervisning, som leirleiarar (td. kan tidlegare konfirmantar vere med som ungdomsleiarar) og frivillige ved gudsteneste.</li> <li>• Andre målgrupper som vert nådd gjennom konfirmantopplegget er foreldre, og vener/familie/andre som høyrer til hjå konfirmantane, og frivillige medarbeidarar.</li> <li>• Ein del av konfirmantopplegget er å delta i kontinuerleg arbeid i regi av kyrkjelyden eller andre kristne organisasjonar i nærområdet. Kva for aktivitetar som er involvert kan endrast frå år til år.</li> <li>• Konfirmanttilbodet vert marknadsført gjennom brev heim, på kyrkja si heimeside, og informasjon på skulane.</li> </ul>
<b>Materiell til utdeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Konfirmantbibelen</li> <li>• Kristuskransen</li> </ul>

### 3.17 Etter konfirmasjon : Z – ei flott oppleving etter konfirmasjonstida

Alder: 15-16 år.

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ungdomane får interesse for kyrkjeleg arbeid.</li> <li>• Ungdomane får ei positiv oppleving av kristent fellesskap</li> <li>• Kyrkjelydane er motivert til å prioritere eit systematisk arbeid med leiartrening av ungdom.</li> </ul>
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolkning og livsmeistring</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Temakrets: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ver deg sjølv.</li> <li>○ Stå opp for andre.</li> <li>○ Kven er du – ulike typar personlegheiter.</li> <li>○ Makt, kropp og grenser.</li> <li>○ Neste år – korleis ta vare på fellesskapet.</li> <li>○ Leiar på leir.</li> <li>○ Gudsteneste på ungdoms vis.</li> <li>○ Leiar i lokale aktivitetar.</li> </ul> </li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å delta som medarbeidar i trusopplæring og gudsteneste</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 2 leirar, lokale samlingar, internasjonal festival (valfri deltaking.)</li> <li>• Leiar på Nattcup, Tol-tiltak og gudsteneste.</li> <li>• Kva gjer vi i lag med kyrkjelyden?</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Slik ser året ut: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ September: Oppstart lokalt.</li> <li>○ Oktober: Leir på Nesholmen.</li> <li>○ November: Lokal samling.</li> <li>○ Januar: Lokal samling.</li> <li>○ Februar: Lokal samling</li> <li>○ Mars: Leir på Nesholmen.</li> <li>○ April: Lokal samling.</li> <li>○ Juli: Reise på Røst2022.</li> </ul> </li> <li>• «Z- oppleving for livet. Fellesskap og opplevingar» er eit konsept utvikla av KFUK-M Sogn og Fjordane, og er skildra i egne brosjyrar.</li> <li>• Tiltaket skjer som eit samarbeid mellom Askvoll sokn og KFUK-M Sogn og Fjordane.</li> <li>• I konfirmant-tida vert ungdom invitert til eit Z-år der dei kan hjelpe til med ulike oppgåver i den lokale kyrkjelyden, samstundes som dei får oppleve leir, fellesskap og venskap med andre ungdomar frå Sogn og Fjordane.</li> <li>• Alle konfirmantar vert inviterte til å vere med.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>	<p>Ansvarleg: Sokneprest i samarbeid med kyrkjelydspedagog. Sokneprest har initiativplikten. Kyrkjelydspedagog har initiativrett.</p>
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjeld alle kyrkjekrinsane i soknet.</li> <li>• KFUK-M stiller med tilsette og frivillige på dei arrangementa som dei har ansvar for, i samarbeid med Askvoll sokn og andre sokn i Sunnfjord prosti.</li> <li>• Tiltaket dannar ein samanheng mellom det å høyre til lokalkyrkjelyden, og det å høyre til eit større fellesskap. Viktig med tanke på at ungdom i vår landsdel ofte flyttar i samband med skulegang / utdanning.</li> <li>• Det er egne brosjyrar og informasjonsmateriell for tiltaket. Dette vert formidla til konfirmantane. Tiltaket må gjerast kjent i konfirmantåret, med ein stigning i intensitet utover året.</li> </ul>

### 3.18 Konfirmant- reunioun 1

Alder: 16 år (1 samvær, 2 timar)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ungdomane opplever at dei høyrer saman gjennom å dele både minner og nye opplevingar.</li> <li>• Ungdomane får høve til å delta i kristent fellesskap.</li> <li>• Tiltaket vert eit springbrett frå konfirmasjonstida inn i vidare deltaking i ungdomsarbeidet.</li> </ul>	
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Medvit om at ein er ein viktig del av eit fellesskap.</li> <li>• Vennskap og samhald.</li> <li>• Om å høyre til. Kvifor er eg viktig? Kvar er min plass i den kristne fellesskapen, etter konfirmasjonstida?</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Songar frå konfirmasjonstida.</li> <li>• Andakt om tilgjeving og nye sjansar.</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å lytte til forkynning.</li> <li>• Å vere del av eit fellesskap.</li> <li>• Synge.</li> <li>• Måltid.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket skjer i Askvoll kyrkje i april.</li> <li>• Tiltaket skjer ein gong kvart år på anten onsdag kl 18-2030 eller fredag 18-2030 (slik at det høver med ferjetidene), helst i tida då dei søker vidaregåande skule.</li> <li>• I denne samlinga kan vi spørje ungdomane om når dei ynskjer ei ny samling (Reunion 2)</li> <li>• Det vert ein eigen køyreplan for tiltaket ut frå materialet som finst i ressursbanken. Må tilpassast det einskilde kull.</li> <li>• Det vert sendt ut invitasjon på epost og sms. Samlinga vert også kunngjort via nettside og sosiale media.</li> <li>• Alle som deltok på heile eller delar av fjorårets konfirmantundervisning vert invitert.</li> <li>• Måltidet må tilpassast oppslutninga av tiltaket.</li> <li>• Ungdomane vert invitert til gruppeopplegget Z . Dette tilsvarar invitasjon dei får på slutten av konfirmantåret sitt.</li> </ul>	
<b>Ansvarleg</b>	<p>Ansvarleg: Sokneprest i samarbeid med kyrkjelydspedagog. Sokneprest har initiativplikten. Kyrkjelydspedagog har initiativrett.</p>	
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket er felles for alle kyrkjekrinsane, og skjer i Askvoll kyrkje.</li> <li>• Tiltaket er ei vidareføring av konfirmantåret.</li> <li>• Det må informerast om tiltaket fleire gonger i god tid før konfirmantåret er slutt.</li> </ul>	

### 3.19 Konfirmant-reunion 2

Alder: 17 år (1 samvær, 2 timar)

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ungdomane opplever det trygt å møtast i kyrkjeleg regi, der dei vert sett, tekne på alvor og inkludert.</li> <li>• Ungdomane får møta utfordringar dei kan vekse på.</li> <li>• Ungdomane får møta formidling av kristen bodskap.</li> </ul>
<b>Tema / innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Medvit om at ein er ein viktig del av eit fellesskap.</li> <li>• Vennskap og samhald.</li> <li>• Reflektere over eigen identitet.</li> <li>• Korleis kan trua vekse? Kva vil det seie å modnast som kristen? Er det bruk for meg?</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Salme 23, om å verte leia og teken vare på.</li> <li>• Andakt om å stå på terskelen til noko nytt, Gud som alltid er der.</li> <li>• Det kristne fellesskapet som ein plass å få vere seg sjølv og å utvikle seg.</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å lytte til forkynning.</li> <li>• Å vere del av eit fellesskap.</li> <li>• Synge.</li> <li>• Måltid.</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket skjer i Askvoll kyrkje</li> <li>• Tiltaket skjer ein gong kvart år på ein kvardags kveld, fortrinnsvis fredag før palmesøndag.</li> <li>• Det vert ein eigen køyreplan for tiltaket ut frå materialet som finst i ressursbanken. Må tilpassast det einskilde kull.</li> <li>• Soknepresten leier samlinga, evt saman med andre frå konfirmantarbeidet</li> <li>• Det vert sendt ut invitasjon på epost og sms frå ungdomane sitt lokale kyrkjekontor. Samlinga vert også kunngjort via nettside og sosiale media.</li> <li>• Tiltaket må ha påmelding pga mat, men ein bør også signalisere at det er ope for drop-in.</li> <li>• Alle som deltok på heile eller delar av konfirmantundervisninga vert invitert.</li> <li>• Måltidet må tilpassast oppslutninga av tiltaket.</li> <li>• Ungdomane vert invitert til ungdomsarbeidet i kyrkjelydane, til medarbeidarskap i trusopplæringa og gudstenestene.</li> </ul>
<b>Ansvarleg</b>	Ansvarleg: Sokneprest i samarbeid med kyrkjelydspedagog. Sokneprest har initiativplikten. Kyrkjelydspedagog har initiativrett.
<b>Kommentar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket er felles for alle kyrkjekrinsane, og skjer i Askvoll kyrkje.</li> <li>• Det må informerast om tiltaket fleire gonger i god tid før konfirmantåret er slutt, og på Konfirmantreunion 1.</li> <li>• Dersom ein får høve til å presentere kyrkja / kristent tilbod på vidaregåande skule i august, er det naturleg å nytte dette høvet til å invitere til Konfirmantreunion2.</li> </ul>



### 3.20 Eldre ungdom

Ved konfirmantreunion 1 og 2 bør ein søke å ha fokus på ynskje frå deltakarane; ynskje om kva dei vil vidare. Døme på spørsmål ein kan stille, er:

- Bør det vere ein Reunion 3?
- Bør det vere eiga årleg ungdomsgudsteneste om kvelden andre juledag?
- Bør det vere årleg kyrkjekonsert sikta inn mot ungdom ved jonsok-tid? Evt. under «skjærgårdstreff i juli/august. Ein kan vudere å bruke Kyrkjebakken som arena for konsert.

Ungdomane sine innspel på må danna grunnlaget for det vidare arbeidet, og takast med ved revisjon av denne planen.

## 4. Vedlegg

### 4.1 Oversikt over bibeltekstar i trusopplæringa

Bok	Skriftstad	Tema	Alder
<b>1. Mosebok</b>	1. Mos 1, 1-2	Gud som skapar	0-1, konf
	1. Mos 1.	Alt blir til	4, 5, 6, konf
	1. Mos 28, 10-19	Jakob sin draum	8, 9, konf
<b>2. Mosebok</b>	2. Mos 20, 1-20	Dei ti boda	konf
<b>4. Mosebok</b>	4. Mos 6, 24-26	Velsigninga	0, 1, 4, 5, 6, konf
<b>1. Sam.bok</b>	1. Sam 3	Samuel i templet	11, 12
<b>Salmane</b>	Salme 4, 9	Kveldsbøn av David	11, 12
	Salme 23	Å verte leia og teken vare på	17
	Salme 72, 10-11	Profetiar om Jesus	7, konf
	Salme 119, 105	Guds ord gir lys	11, 12
	Salme 139	Guds omsorg for barnet	0-1
<b>Jesaja</b>	Jes 7, 14	Immanuels-teiknet	7, konf
	Jes 52, 13 og Jes 53	Herrens lidande tenar	konf
<b>Matteus</b>	Matt 1, 23	Josef drøymmer, englebodskap	7
	Matt 2	Vismennene hyllar Jesus	7
	Matt 6, 9-13	Herrens bøn	11, 12, konf
	Matt 7, 7	Leit, så skal de finna	8, 9
	Matteus 14, 13-21	Jesus mettar 5000	4, 5, 6
	Matt 22, 37-40	Det doble kjærleiksbodet	0-1, 13, konf
	Matteus 26-28	Påske – kva hende med Jesus? Nattverd	10, konf
	Matt 28, 16-20	Dåpsbod / Misjonsbod	0, 6, 13, konf
	Matt 28, 18-20	Dåpsbod / Misjonsbod	8, 9
	<b>Markus</b>	Mark 4, 26-34	Sennepsfrøet
Mark 10, 13-16		Jesus og borna	0, 4, 6, konf
Mark 10, 46-52		Bartimeus	4, 6
Mark 13, 24-30		Ugraset og kveiten	11
<b>Lukas</b>	Luk 2, 1-20	Jesus vert fødd, englane syng	7
	Luk 2, 41-52	Jesus som 12-åring i tempelet	11
	Luk 8, 4-15	Såmannen	11
	Luk 9, 2-10	Sakkeus	4, 5, 6
	Luk 10, 25-36	Den barmhjertige samaritan	4, 5, 6, konf
	Luk 14, 15-24	Det store gjestebodet	5, konf
	Luk 15, 4-7	Sauen som blei atffunnen	2, 3, 4, 5, 6, 8, 9
	Luk 18 og 9	Jesus og borna	4, 6, konf
<b>Johannes</b>	Luk 19, 1-10	Sakkeus	4, 6
	Luk 24, 13-43	På vegen til Emmaus	11, 12
	Joh 3, 16	Den vesle bibel	konf
	Joh 3, 1-5	Å bli fødd av vatn og ande	6, konf
	Joh 6, 1-15	Jesus mettar fem tusen	4, 5, 6
<b>Apostelgj.</b>	Joh 8, 12	Jesus er lyset	0-1, 7, 11, 12, konf
	Joh 10, 11	Den gode hyrdingen	2, 3
	Samandrag	Misjonæren Paulus – Jesus er verdens frelsar.	13
<b>1. Korintarbrev</b>	Apg. 2, 1-13	Pinsedag	konf
	Apg 2, 42	Dei fire b-ane	14, konf
	1. Kor 12	Nådegåvene	konf
<b>Galatarbrevet</b>	Gal 5, 22-25	Livet i Anden	konf
<b>Titus</b>	Tit 3, 4-7	...kor han elsker menneska	6

## 4.2 Oversikt over tiltak gjennom året

### Trusoppplæringsplanen for Askvoll sokn

	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
0-1	Babysong ( 8 saml.)								Babysong ( 8 saml.)			
2	Krølle-samling											
3												
4									Kirkerotte-Teater: 4-5-6			
5									Undringstime: 4 og 6			
6									Sprell levande hausttakkefest: 4-5-6			
7	Prosjektkor 8-10											Engleverkstad og lysmesse
8					Tårnagentdag m tårnagent gudst. (2.kvart år)							
9												
10				Påskefest for alle/påskevandring								
11	Utdeling Bibel 11										Lys vaken	
12												
13			Middag og misjon. mellom jan- mai									
14						Velkommen heim! Innskrivingsgudst		Konf. Oppstart	Konf. presentasjon			
15		Konf GT Fasteaksjon										
16		Z		Reunion 1								Z- eit opplegg for fjorårskonfirmantar
17												
18												

16-18: Ungdomane er med å tidfeste Reunion 2. Kva ynskjer dei etter denne samlinga?

## 4.3 Årshjul- generell gudstenesteplan og trusopplæringstiltak.

Kyrkje / Kapell	Fast gudstenestetid	Tid når det ikkje er den fast tida (annankvar gong for dei fleste)
Askvoll	11.00	17.00
Bulandet	10.30	17.00
Holmedal	11.00	15.00
Kvammen	11.00	19.00
Vilnes	11.00	13.30

Nokre gudstenester har egne klokkeslett.

	Askvoll	Holmedal	Kvammen	Bulandet	Vilnes	Stongfjorden	TOL (Reunion2 og Z manglar)
JANUAR							TOL I JANUAR
1. Januar		GT kl 17					Babysong
Søndag 1					GT1	JuleGT	Utdeling Bibel 11
Søndag 2	GT1		GT2				Konf-undervisning
Søndag 3							
Søndag 4	GT2			GT1			
							6 GT tilsaman i januar, 5 på søndag, + 1 i Stongfjorden
FEBRUAR							TOL I FEBRUAR
Søndag 1		GT1					Babysong
Søndag 2			GT1				Krøllesamling
							Utdeling Bibel 11, konf-undervisn.
Oskeonsdag	KveldsGT kl 19 (partalsår)	KveldsGT (oddetalsår)					Annakvart år Holmedal og Askvoll
Søndag 3	GT2				GT1		
Søndag 4				GT1			
							6 GT tilsaman i februar, 5 på søndag



Søndag 4	GT1								4 GT på søndag i mai + 2 konf- laurdagar og dobbel-gt på 17.mai
PINSE	Pinsedag 11				2.Pinsed.(ute)				2 gudst i pinsa
JUNI									TOL I JUNI
Søndag 1	GT2						GT1		Innskrivingsgudsteneste
Søndag 2	.	UteGT kl 14		GT1					
Søndag 3					GT2				
Skuleferien tek til – 5 GT før skuleferien i juni									
Søndag 4	GT2								6 GT i juni
JULI									
Søndag 1	GT 1 Vilnes								+ (Ute)gudst ved/ krabbefestival
Søndag 2	UteGT 1 Kvammen								
Søndag 3	GT 1 Askvoll – eller utegudst ein plass i soknet?				GT 2 Bulandet				Eller (ute)gudst v/ Skjærgårdstreff
Søndag 4	GT1 Holmedal								
	Askvoll	Holmedal		Kvammen	Bulandet	Vilnes	Stong-fjorden		5 GT i juli
AUGUST									Kommentar
Søndag 1	GT 1		GT2						
Søndag 2						GT1			
Skuleferien er slutt									
Søndag 3	GT2				GT1				
Søndag 4		GT2							6 GT i august
SEPTEMBER									Evt. salmekveldar i sept? Okt?
Søndag 1	GT1					GT2			TOL I SEPTEMBER
Søndag 2				GT1					Babysong
Søndag 3	GT2				GT1				Kirkerotteteater
Søndag 4		GT1							Undringstime+SL hausttakkefest
									Konf-presentasjon
									6 GT i september

	<p>34 gudstenester på søndag  + 3 i påsken  + 1 i pinsen  + 3 i jula  + dobbelgudst. 17.mai.  Alt etter kalendaren kan nokre av desse «+-gudst.» kome på søndag, men det vil variere. Bør derfor reknast utanom dei 34 på søndag..  Om ein reknar inn påskedag og pinsedag vert talet 36 søndagar med gudsteneste i Askvoll-Holmedal.</p>	<p>14 i Kvammen</p>	<p>14 i Bulandet, ein av desse kan vere konfirmasjon på laurdag.</p>	<p>14 i Vilnes, ein av desse kan vere konfirmasjon på laurdag.</p>	<p>Tilsaman 78 gudstenester på søndag.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• To av desse kan vere konfirmasjon på laurdag, alt fordeling konfirmantar det einskilde år.</li> <li>• I tillegg kan koma konfirmasjonar i Stongfjorden og i Værlandet einskilde år.</li> </ul>
--	---	---------------------	--	--	--

## 4.4 Oversikt over tiltak som har utdeling av materiell.

Tiltak	Alder	Materiell til utdeling
Dåpssamtale/dåp	0	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fadderhelsingar</li> <li>• Kort med helsing om dåpsklut</li> <li>• Kveldsbøn-bilde</li> <li>• Dåpslys</li> <li>• Lysestake</li> <li>• Dåpsklut</li> <li>• Dåpsdue</li> </ul>
Babysong	0-1 år	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Smikke med bordvers/bordbøn</li> <li>• Faldar: « 1 år sidan dåpen»</li> </ul>
Krøllesamling	2, 3	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Til to-åringen: Mi kyrkjebok 2</li> <li>• Til tre-åringen: Matboks med bilete av Bo og Nora</li> <li>• Faldar: «2 år sidan dåpen/3 år sidan dåpen"</li> </ul>
Kirkerotteteater	4, 5, 6	<ul style="list-style-type: none"> <li>• DVD som kjem saman med invitasjonen ( kun til 4-åringane)</li> <li>• Brosjyre som blir delt ut til alle barna i kyrkja.</li> </ul>
Sprell levande hausttakkefest	4,5, 6	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Til 4-åringen: Mi kyrkjebok 4</li> <li>• Til 6-åringen: Mi kyrkjebok 6</li> <li>• Til 5-åringen: Gripekors i oliventre</li> <li>• Til foreldra: Utdeling av brosjyren «InTro til førskuleforeldre» (IKO)</li> </ul>
Dåpssamtale større barn/ungdom	Frå 6 år	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fadderhelsingar</li> <li>• Kort med helsing om dåpsklut</li> <li>• Bok som høver til alderen til den døypte. Døme: Andaktsbok, bibel-bok, boka «Eit ja».</li> <li>• Bøne-plakat eller -bilde.</li> <li>• Dåpslys</li> <li>• Lysestake</li> <li>• Dåpsklut</li> </ul>
Engleverkstad og lysmesse	7	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Materiell til å lage sin eigen engel ( stoff, papir, trekuler m.m.)</li> </ul>
Tårnagentdag m gudsteneste	8, 9	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tårnagent-buff og nøkkelband</li> <li>• Namneskilt/agentbevis</li> </ul>
Påskefest for alle, med påskevandring	10	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Varierer frå song til gong. Ein utdelingsgjenstand som vert eit konkret teikn på påska si glede.</li> </ul>
Utdeling av Bibel	11	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bibel: Teikneseriebibelen</li> </ul>
Lys vaken	11, 12	<ul style="list-style-type: none"> <li>• T-skjorte</li> <li>• Nøkkelband med namn</li> </ul>
Konfirmasjonsopplæring	14-15 år	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Konfirmantbibelen</li> <li>• Kristuskransen</li> </ul>



#### **4.5 Barnehage- skule-kyrkjesamarbeid**

Denne planen vert utarbeidd i lag med barnehagane og skulane i Askvoll sokn og kan leggest til når den er klar.